

Gamalt frå Kviteseid

Nr. 5



ÅRSSKRIFT 1990

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 5

ÅRSSKRIFT
1990

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1990

Innhald

	Side
Fyriord. Av Tor J. Skarprud	4
Bilethoggaren Gunnar Utsond	5
Det var strevsamt å reise i gamle dagar	11
Olaus Straumsnes i Amerika	16
Litt frå Kviteseid i krigsåra 1940-45	17
Gruvedrift i Vrådal	20
Og «verda» var dengongen Kviteseid	25
Med Aasmund Vinje for å samle folkeminne	27
Bjørguv	30
Den milde makt	35
To husmannsplassar i Dalane	36
På ein nedlagd plass	39
Farans folk	40
Tarjei Lunde fortalde	41
Jon Hauge. Den fyrste skiløypren som fekk kongepokal	43
Kjersti Nyork på utvalsja i Brunkeberg	46
Ei samrøe på Kviteseid-dialekt	48
Brunkeberg Fealslag	50
Fjågesund Elektrisitetsverk	53
Han kunne få sagt det	59
Lysingar	60

Fyriord


For femte gong sender me ut «Gamalt frå Kviteseid» til dykk og alle interessera. Det ser ut som interessa for å få fram gamalt, aukar litt etter litt. I år var det fleire som sa seg viljuge til skrive for boki enn tidlegare. Nokre baud seg jamvel fram uspurde. Me er mykje glade for velvilje og hjelp.

Det er enno att mykje stoff frå eldre tider (fram mot 1950) som er ukjent for mange og som bør gjerast kjent. Framtidi krev at slikt ikkje må gå i gløy-meboki. Skriv eller kom med tips.

Teiknarane våre, Mari Lid og John Skarprud, er alltid lette å be, og dei lagar framifrå gode og talande teikningar. Mange takk til alle som hjelper, men fyrst og fremst til dykk som skriv eller teiknar.

Som tidlegare har Arne Nordskog, Harald Oppebøen og underskrivne vore sogenemnd.

Tor J. Skarprud.



Bilethoggaren Gunnar Utsond

Ein sprakande kald januardag køyrde den unge Dyre Vaa frå Midtigard Uppsund til Neset. Med seg i sleden hadde han fyrste modelleringsarbeidet sitt, eit hovud av Dante. Han vart godt motteken av professor Utsond. «Du skal prøve deg med leire, plastilin er så gjenstridig,» sa professoren. Ikkje lenge etter kom den unge mannen att, denne gongen med ein læande munk modellert i leire. «Du har talent,» var komentaren. Så løyste Utsond opp litt gips og gjekk i gang for å lære han å støype. Det var rørende kor hjelpsam han var, fortel Dyre Vaa.

Medan han heldt på, fortalde han om kunstnarkallet. «Nå kan du få vite hva en Sisufos er,» sa han. «Du håper og tror, og tror og håper at denne gang skal det store skje. Men nei, det ble ikke denne gang heller. Og så håper du på neste gang. Men ved veiens slutt oppdager du at den neste gang aldri kom.» Om den unge mannen skulle skræmst frå lystene sine er ikkje godt å vita. Den gode sideren gav den unge kunstnarspira mot til å spørje: «Trur du eg kan lære å bli kunstnar?» Svaret var karakteristisk: «Kunstner er man, eller er man ikke. På et akademi kan du lære å lage et bilde av den figuren du ser foran deg. Det er nyttig, men kunstner er du i denne dag, i denne time.»

Gunnar Karenius Utsond kom til verdi den 31. august 1864 på Nordgarden i Lundevallsgrendi. Faren, Olaus Svenkesen frå Gjerpen, kom til Kviteseid i 1859. Same året gifte han seg med Hæge Nordbø frå Vrådal. Ho var av Mandt-ætti. Dei budde på Nordgarden i fleire år, men seinare flytte familien til Utsund, og borni tok namn etter den garden. Frå fyrst av gjekk utdanningi til Gunnar i reint praktisk lei. Han tok tannlækjar-eksamen i 1887 og praktiserte eit par år i Kviteseid og Larvik.

Ein gong fortalde han til far frå den tid han gjekk i tannlækjarlære i Kristiania, som byen heitte den gong. Han ville heim til påske, men var mest pengelens. Skiføret var bra, så han spende skiene på og la i veg. Overnatting og mat prøvde han å ordne på billegaste måte. Siste ferdadagen kom han til Hesteskodiket i Brunkeberg. Det var seint på kvelden, og pengepungen var heilt tom. Men der fekk han husrom og mat gratis. «Eg kjenner Svenkesen, far din,» sa mannen på Hesteskodiket. «Du vet far var forsiktig når det gjaldt valuta,» la professoren til.

Men alt medan han gjekk i tannlækjarlære var han elev ved Teikneskulen frå 1881 til 1885. I tre år studerte han skulptur i København. Fyrste gong han stilde ut var på Haustutstillingi i 1894 med skulpturen «Spikkende gutt». Han var ærleg nok til å seia frå at figuren var avstøyping etter levande modell, men sjølvstøtt hadde han seinare arbeidd med materialet og gjeve det sin eigen kunstnarlege form. Då braut striden ut. Folk skreik opp i avisene om svindel og fusk, og figuren vart fjerna frå utstillingi. Christian Krogh og Gunnar Heiberg forsvara han og slo fast, som sant var, at kva midlar ein bilethoggar brukte var likegyldig når berre resultatet vart kunst.

For å vise at han kunne modellere, laga Utsond ein mannsfigur i overnaturlig storleik. Det var ein Tubalkain med lyft hamar. Den kom inn på utstillingi i 1895. Figuren er no borte og ein kjenner han berre etter skildringar av kritikarane.

Frå 1897-1900 dreiv Utsond studiar ved Académie Julian og Académie Colarossi i Paris. Her møtte han den franske bilethoggararen Auguste Rodin. Det fekk avgjerande innverknad på Utsond og kunsten hans. Frodin var på denne tid rekna som den leiande mellom europeiske bilethoggarar. Det er ikkje vanskeleg å skjønne at Rodins kunst måtte gjera eit sterkt inntrykk på ein mann med Utsonds huglynde. Her fann han den uttrykks-krafti og den dramatikken som han kjende budde i honom sjølv. Også Rodin hadde i 1877 vorte skulda, men seinare frikjend for direkte avstøyping av modellen i det store arbeidet «Bronsealder».

Vel heimkomen gjekk Utsond i gang med det fyrste store gruppearbeidet sitt. Motivet var henta frå Openberringi 20. kapitel og 13. vers. «Havet gjengir sine døde» kalla han gruppa. Idéen fekk han i kyrkja ein messesundag, fortalde han. Det er ei framstilling av når dei drukna står opp til den



«Helfærd»

siste domen. Frå dei skumkvite bylgjene reiser menneskjeskapnadene seg. Nedst ved havflata lyfter den eldste i slekti det viljesterke andletet trassig mot ljuset. Vidare oppover kjem den mogne kvinna og den purunge jenta. På toppen og frigjort frå bylgjene står faren med redsle i andletet for den lagnaden som er i vente. Sonen klamrar seg til han. Einar Østvedt har nokre interessante tankar om denne skulpturen som fyrste gong var stild ut i Dioralokalet i 1896. Ibsens drama «Når vi døde vågner» kom ut i 1899. Det handlar om bilethoggararen Rubek. I skulpturen «Oppstandelsens dag» held han domedag over sitt eige liv. Ibsen har utan tvil kjent til Utsonds storverk og samanhengen mellom skulptur og diktverk er tydeleg, meiner Østvedt.

På Verdsutstillingi i Paris i 1900 fall det mange lovord over denne skulpturen frå franske autoritetar. Utsond hadde fleire skulpturar på Verdsutstillingi, men vanta pengar til å få dei største heim att til Noreg. Dei vart ståande utan tilsyn. Ein dag vart det kjent i Kristiania at «Havet gjengir sine døde» hadde blitt øydelagt. Straks vart det etter opptak av Christian Krogh samla inn pengar som berga «Helfærd» frå same lagnaden. Utsond kunne aldri forsone seg med tapet. Det er sagt at han vart still når talen kom inn på dette, og med eit sårt smil førde samtalen inn på andre emne.

Men «Helfærd» vart berga. Skulpturen fekk gullmedalje på Verdsutstillingi i Paris i 1900. Rodin, som var jurymann, interesserte seg sterkt for Utsonds verk. Motivet er henta frå norrøn mytologi med Balder og Nanna på hesteryggen i susande tansprang mot nord - nord og ned ligg Helvegen - og over Gjallarbrui. Kvinna klamrar seg til mannen som held armen vernande kring

henne. Men det som fangar interessa mest er den meisterleg forma hesten som heng fritt frå ei støtte i sida. Støtta har form av ein bergnabbe og blir det statiske, det faste og rolege i komposisjonen. Dette framhevar endå meire den konsentrerte spennkrafti som går gjennom heile hestekroppen frå hovud til halespiss. Her er kvar muskel under kontroll. Det ser ut som hesten sviv fritt framover bergnabben.

Jens Thiis slo fast at «Helferd» var ein av dei verkeleg store skulpturar i nyare europeisk bilethoggarkunst. «Og for en hest,» set Einar Østvedt i. «En mer overlegent utført hesteskulptur er ikke laget av noen billedhugger i Norge.» Om bakgrunnen for «Helferd» fortalde Gunnar Utsond til far, som mange gonger var på gjesting til Neset. Det går attende til barndomsåri på Nordgarden i Lundevallsgrendi. Den gamle Nørsterudbrui over Dala-åi vart i barnefantasia til Gjallarbrui. Det er som ein også høyrer ein dirrande óm av «Draumkvædet», som hadde vore kjær lesnad for Utsond. Der vegen svingar ut på brui var det «Helferd» var tenkt. Denne svingande rørsle går att i skulpturen. For fantasien hans fekk hovslagi på Nørsterudbrui ein symbolsk, ja mytologisk klang og tyding. Ja, slik fortalde han. I 1921 vart monumentet sett opp framfor Sjømanns-skulen på Ekeberg - altfor bortgøymt etter manges meining.

I 1903 gifte Gunnar Utsond seg med si Gunhild. Far hennar var brukar på Bulid den gong, fortalde Torjus Dalen. Gunnar tok sykkel fatt opp Dalane når han var på gjesting. Her fekk han auga på den staute, ramalege Bergit. Ho budde på husmannsplassen Haugen like ovom brui ved gamlevegen opp Haugejuvet. Utsond kom inn og såg både lenge og vel på henne. Det enda med at han fekk Bergit til å stå modell til «Mor Norge». Under arbeidet heldt han til på «Frankrike» har Torjus høyrte. Gipsmodellen står i Utsondhalli. Bergit Haugen er også modell på minnetokroningen som kom ut i 1914.

I 1903 vann Utsond fyrste premie i konkurransen om eit Welhaven-monument. Det var ein uttrykksfull heilfigur av diktaren med motto frå veraset «det er en bitter kvide». Det kviler einsemd og melankoli over Welhaven, der han sit med hand under kinn i tankar og minne om Ida Kjerulf som døydd frå han berre 23 år gamal. Han gløymde henne aldri. Monumentet vart reist i bronse på Riddervolds plass i Kristiania i 1908.

Utsond kjøpte den gamle embetsgarden Neset i 1907. Her budde han seinare i alle år. Han døydd 27. januar i 1950. I 1909 vart Utsond professor i skulptur ved Kunstakademiet og pendla mellom Kviteseid og hovudstaden. Vinterhalvåret var han i byen og sumarhalvåret i Kviteseid. Enok Opsund, som sjølv var kviteseid og student i hovudstaden under fyrste verdskrigen, skriv at han alltid var velkomen i det heimkoselege atelieret

i Universitetsgata. I 1921 sa Utsond opp stillingi som professor. Ein grunn var at han vart trøytt av pendlingi.

Utsond tok seg også av Einar Olavson Bakkane, naturtalentet frå Eidsborg, som enda i sinnssjukdom. Det var kring 1912 dei vart kjende. Ein gong var Bakkane på Neset i fleire månader. Han har sagt at her opplevde han «dei lukkelegaste dagar i livet». I 1913 laga Bakkane treskulpturen «Menn med skjold til Helheims drott». Det er ikkje utenkjeleg at Utsonds «Helferd» har inspirert han, skriv Einar Østvedt i biografien om Bakkane. Handlingsinnhaldet er eit anna, men bae hentar idéen frå mytologien. Fire vikingar til hest i full rustning er på veg til dødsriket. Mest fester ein seg ved dei barske krigarandleta, der alle likevel har sine individuelle serpreg. Utsond vitja Einar Bakkane etter at sjukdomen vart verre, og han vart lagd inn på Faret. Det er ein kunstnartragedie som med Lars Hertevig og Mathias Stoltenberg.

I 1915 laga professor Utsond i samarbeid med arkitekt Adolf Jensen ein modell til Eidsvollmonument. Det var eit stort prosjekt: Ein høg obelisk der toppfiguren var Harald Hårfagre og rundt eit stort firkanta vassbasseng med fabelfigurar. Tanken var at det skulle setjast opp ein stad mellom Stortinget og Nationaltheatret. Fleirtalet i monumentkomiteen godkjende utkastet, men det fall på grunn av nådelaus kritikk frå avismeldarane. Kring 1920 hadde Utsond eit nytt utkast ferdig. «Frihetshymnen» kalla han det (gips, Utsondhalli). Det er ei søyle som er mest heilt dekt med eit relieff av nakne menneske. Rundt foten av søyla står ein ring av symbolske fridomsfigurar. På toppen av søyla sit eit vette, det er den ekstatiske Fossegrimen som lokkar mennesket med spelet sitt. Dette utkastet drog Utsond attende frå konkurransen i protest mot at Kristiania kommune hadde bygd atelier for Gustav Vigeland. Bilethoggarane kunne ikkje lenger tevla på like vilkår. Dette var nok også ei årsak til at han sa opp professorstillingi ved Kunstakademiet. Utsond skal sjølv ha halde «Frihetshymnen» som sitt kjæraste verk.

Han var ein kresen kunstnar som ikkje slepte ein skulptur frå seg før han meinte han heldt mål. Det er likevel ikkje lite han fekk frå hand. Her vil me taka for oss personar med tilknyting til Telemark som han kom til å laga statuar eller portrettbyster av. Portrettbysta hans av stortingspolitikaren og folkehøgskulemannen Viggo Ullmann blei reist i Seljord i 1914. I 1920 fekk han i oppdrag å laga monumentet over direktør Sam. Eyde, grunnleggaren av Hydro. Det vart reist i bronse på Rjukan. Det er ein sjølvssikker og myndig, men også levande og humørfylt herremann som står på sokkelen. Her ser ein eit nytt døme på kor dyktig ein handverkar Utsond var. På Borgestad står ei bronsebyste av statsminister Gunnar Knudsen som Utsond har laga, og ei byste i bronse av stortingsmann Torjus Sølverud vart avduka i Sauherad i 1935.

Utsond fekk også oppdraget med å lage ein skulptur av A. O. Vinje. Det vart eit ruvande monument som vart reist framfor Fylkeshuset i Skien i 1925. Her står Vinje med fjellstaven i hand og skreppe på rygg og ser tankefull utover landet. Det var også naturleg at Utsond kom til å laga byste av bygdediktaren og stortingsmannen Tormod Borgejordet. I 1935 vart denne bronsebysta avduka. Ho står nedom Kviteseid Sparebank som Tormod var med og grunnla. I 1943 fekk Utsond Statens kulturpris.

Enok Utsond skriv: «Som menneske var Gunnar Utsond eit av dei merkelegaste og likaste eg har møtt på livsvegen min, ein uvanleg sterk, rik og mangslungen personlegdom, som ein vart nøydd til å lika trass i sider som det kunne vera vanskeleg å godtaka.» Han var uvanleg gjestfri. Den som kom til Neset vart flust traktert, ikkje berre med den vidgjetne sideren hans. «Han var ein selskapskar av dei fremste,» var eit uttrykk far brukte. Men det var krut i han, og stundom kunne bråsinnet koka over som ein vulkan. Langsint var han likevel ikkje. Det lever mange replikkar og soger etter han på folkemunne den dag i dag.

Ein bygdemann synte fram den nye, blanke motorsykkelen sin og med lysande augo la han ut om hestekrefter og fart. Då kom det tørt frå professoren: «Ja, med en slik kan en raskt kjøre seg inn i evigheten.» Men det hende han kom i lag med munnrappe sambygdingar. Han og ein annan skulle setje ut garn. Utsond tykte ikkje den andre rodde som han skulle og fræste til: «Jeg har ikkje vært på vannet med en sådan idiot noen gang!» «Ikkje eg heller,» svara den andre kjapt.

Det var i eit større lag. Ved bordet fall røune om så mangt, og folkehøgskulen kom inn i talen. Utsond blanda seg lite inn i røa frå fyrst av. Ein bygdemann reiste seg. Det var ein meinlaus mann, men ikkje klokare enn det trongst, skaut forteljaren inn. Etter ei lang lovtale om høgskulen enda han slik: «Men det veit eg at hadde eg ikkje gjege på Telemark Folkehøgskule, så hadde eg ikkje blive den eg er!» Då kom det stutt frå Utsond: «Hva er du for noe, da?»

Gunnar Utsond tala bokmål. Då han gjekk på Latinskulen i Skien fekk han merke motsetnaden som då rådde mellom byen og Telemarksbygdene. Han fekk hændingsnamnet «bo'en» slengt etter seg, og var nok ikkje den einaste landsguten som ikkje tolde presset. Far hans hadde røynt det same. Det hende han vart kalla «Eg» når han gjekk framom ein flokk byungdomar. Enok Opsund fortel frå hundreårsskiftet at politimeister Christophersen, som hadde vore sakfører i Kviteseid før han kom til Skien, fekk namnet «klibo'en fra Kviteseid» slengt etter seg under det kjende oppstyret på «Roligheten». Men doktor Olav Utsond, bror til Gunnar, var traust målmann. Han var mykje brukt som domar på tråvkøyningane. Under tråvjubileet i 1933 kom han med framlegg om at namnet på laget måtte endrast frå Kviteseid

Travelskap til Kviteseid Tråvlag. Gunnar Utsond tala kvast i mot, men framlegget gjekk gjennom med stort fleirtal, fortalde Frode Torp Hansen.

Det er sagt at utviklingsgangen i Gunnar Utsonds kunst tok til i nyromantikken. Då viste han sterk sans for naturalismen. I neste steg kom han inn i symbolismen og fekk ei friare haldning til komposisjonen. I seinare år kom det inn meir av det ein kan kalle grotesk symbolisme. Gipsutkast av denne typen finn ein fleire av i Utsondshalli. Fossegrimen, som var tenkt til toppfigur på «Frihetshymnen», kan stå som eit døme. Dei mest personlege, sermerkte og inspirerte arbeid til Utsond vart til i slutten av nittiåri. På ein måte kan ein vel seia at «Havet gjengir sine døde» vart tragedien og «Helferd» triumfen i Gunnar Utsonds kunstnarliv.

John Skarprud

Det var strevsamt å reise i gamle dagar

Såmund Gudmundsson Uppsund vart tidleg «vekt» og gjekk rundt både i bygd og by og tala for folk. I 1861, då han var 30 år, reiste han til Amerika. Der blei han seinare mormonprest. I mange år førde han dagbok over reisene sine og om folk han råka på. Her tek me med ein del av det han opplevde og var med på joli 1860 og til han skulle reise til Amerika litt ut i mars 1861.

-Torsdag den 27. desember 1860 afreiste jeg fra Skien og gik den Dag til Ulefos. Jeg havde Kjelke og rente meget af Veien, der var meget bakket, Logerede hos Tron Persen. Stærk Kulde.

Fredag 28de fra Ulefos og Hjem. Gik til Nordbø i Bøherred, tog derfra Skyds til Næs på Sillejordsstrand, hvor fra jeg fik Følge (kjøre) med Hoff, Wohls Krambodreng, til Hjemmet, hvor jeg ankom om Natten kl. 10 ».

Asbjørn Øiene var Hjemme i Julen, han også var kommet Hjem for at besøge sine Foreldre. (Asbjørn skifta seinare namn og kalla seg Knudsen. I mange år var han ungdomsskulestyrar i Notodden.) Ondag den 2 den Januar, gik jeg over til Øiene på Eftermiddagen hvor der om Aftenen skulde være Strok. (Dans) Om Aftenen var jeg i Bal i Opgården hvor mange Mennesker var komne tilstede. Der var meget galant i Mad og Drikke. Min broder Ole var Musikant der.

Fredag den 4de på Eftermiddagen fulgte jeg far til Udsund og Spjosod hvor vi bleve godt bevertede. Fars Ærende til Udsund var at få Papirer fra



«Utfor hjelppte kjelken»

Rasmus at hente Korn fra Byen, men også at gjøre Acord om at bruge Udsund i 1861. På Tilbageveien traf vi Capt. Ullfers ved Mid-sund med hvilken vi måtte følge Hjem til hans Bolig. Vi blev også af ham godt bevertede og opholdt med Passiarer en lang Tid hvorefter vi kjørte Hjem.

Søndag den 6te gik jeg over til Øiene tilsammen med Ole og var der en lang Tid af Dagen.

Mandag den 7de tog jeg en Rundtur til Nørstrud, derfra til Nordgården og blev på begge Steder bevertet, derfra til Lauve og talede en lang Tid med Tov og Guro og Anne Gunnildskås som også var der, gik derfra til Opgården, derfra til Lundevald, og traf kuns Ole hjemme, da de øvrige vare i Fjågesund hos Rasmus og Dårdi i Besøg. Jeg blev af Ole Lundevald trakteret med Øll og Kaffe og gik siden Hjem.

Tirsdag den 8de afreiset jeg fra Holtan i Forening med min Broder og Aslak Nordbø der begge skulde til Porsgrund efter Korn. Asbjørn Øiene var også i vort Selskab da han hadde været hjemme i Besøg i Julen. Han var skolelærer og havde sitt Distrikt på en Ø kaldet Askøen ved Lyngør. Vi kjørte den Dag til Nordbø i Bøherred. Vi kjørte også noget galdt i det vi kjørte Bøelven til Oterholdt, istedenfor vi skulde have taget i land ved Harpsto i Bø herred.

Onsdag 9de kjørte vi til Fjærestrand i Solum og tog Logi der for Natten.

Tordag 10de kjørte vi til Solum, talede med Aslak der og skiltes derefter med Olaf og Aslak Nordbø og Asbjørn Øiene idet dem tog til Porsgrund og jeg til Skien.

(I tidi fram til midt i februar vandrar Sámund i Skien, Langesund, Kragerø.)

Løverdag den 16. februar gik jeg fra Skien til Ulefos til fods, Isveien langs Norsjø hvilket lettede Veien betydelig. Tog skyds fra Ulefos til Lundefaret og gik derfra tilfods til Strängen hvor jeg ankom kl. omtrent 7. Der boede en gammel Mand ved Navn Pålmann, hvilken kjente mine Forældre meget godt og bad mig at hilse dem. Hans Søn som egentlig var Vært der, kom jeg til at tale med om Evangeliet og overrakte ham et lille Skrift. Jeg tog også Skyds herfra til Fjågesund hvor jeg ankom om Natten kl. omtrent 11. Jeg logerede der til næste Dag.

Søndag 17de gik jeg til Rasmus T. da jeg havde hørt at Ole Lundevald var der og skulde til byen. De vare allerede afreiste både Ole og Rasmus da jeg kom der. Dårdi laved Kaffe til mig og trakterede mig tillige med Smørrebrød. Jeg afreiste derfra med en Skyds opover Vandet omtr. 3/4 Mill, gik derfra Isen til Spjosod hvor jeg ankom kl. 11. Spiste Middag der og afreiste videre til Udsund, hvor jeg talede med Rasmus om en Commisjon jeg havde havt for ham at få anbrakt ham i Garvelære i Christiania. Drak Kaffe der og gik så videre til Holtan, til mine Forældre hvor der lå tvende Breve til mig fra Christiania. Jeg fant Alt vel Hjemme.

Mandag den 18de gik jeg til Gudmund Opsund, efter Inbydelse fra ham Aftenen forud da han var på Holtan hos mine Forældre. Jeg blev trakteret der med Mad og Drikke da de ønskede at gjøre mig så godt som muligt.

Der havde nylig været Bryllup idet Høye Opsund og Anne Borgejordet havde ingået Ækteskap. Gudmund Opsund var gift med Sigrid Borge-Jordet. Begge ere Døtre af Tormod Knudsen, og ere mine Søskenbarn. De sagde de gjerne havde ønsket at jeg havde kommet til Deres bryllup.

Tirsdag den 19de var jeg Hjemme hele Dagen og gjorde et Økseskaft.

Onsdag den 20de også Hjemme, thi jeg hyggede mig bedst hjemme hos mine Forældre og Søskenene som alle vare så kjærlige og gode mot mig som de kunde være. Min Fader holdt på i denne Uge å gjøre en Tømmer-slæde hvilken Olaf skulde benytte på Udsundheien og kjøre Tømmer med. Broder Olaf gjorde sig denne Uge et par sko.

Torsdag den 21ste og Fredag den 22de holdt jeg på med at tilskjære nogle Knivskafter som jeg tænkte å medbringe til Amerika. Løverdag den 23de var jeg i Øiene og besøkte Knud og Sigrid. De levde godt i timelig henseende, da Nøden og Hugereren ellers i Alminnelighed var stor blandt Befolkningen i Bygderne som følge af de tvende påhverandre følgende Misvxtår (1859 og 1860).

(Folket over alt i Bygderne Søndenfjelske kom denne Vinter til at hente store Mengder Korn fra Byerne på grund af den Misvxt den regnfulde Sommer i 1860 medførte.)

Søndag den 24de gik jeg og Olaf nordi Bygden til Haugan og Nordbøen til Gunder og Liv, hvilken vare min Moster. Aslak O. og Anne Nordbø var også Hjemme. Jeg tog Afsked med dem i Anledning af min Amerikareise. De græd ved denne Leilighed, og jeg var også meget bevæget og ønskede Inderlig til Herren at han måtte velsigne dem og frelse dem i sit Rige.

Vi gik fra Nordbø til Lundevald hvor vi blev godt modtagne og beværtede. Sámund Kirkevolden og hans Kone, Marken, vare også der tilligemed Knud Dahlen og Gudmund Fjågesund. Vi bleve der til langt ud på Aftenen.

Mandag den 25te var jeg hjemme hele Dagen.

Tirsdag den 26te gik jeg og Sámund Øiene til Listul i Dahlene for at besøge Ståle og Hæge. De vare gamle og svage, men levede ellers som almindelig meget godt. Vi opholdt os på Listul til næste Dag da jeg tok Afsked med dem. De vare også meget bevægede i Anledning af min forestående Reise og jeg ønskede for mig selv at Herren vilde velsigne disse Folk som bestandigt havde levet et fredelig, godt Liv, og havde været meget velgjørende mod Fattige. Vi gik Hjem, hver til vort.

Torsdag den 28de gik jeg til Midsund (Wohl) for at tinge Las til Olaf. Wohl var denne dag i Laurdahl. Jeg gik fra Midsund til Komynebygningen hvor jeg gik ind for at bese mig og talte med Knud Taraldsen, en af Lærerne. Jeg gik derfra til Ole Møllerstuen, for at læse nogle Amerikabreve fra hans Broder Tallef Haugen der var reist for 12 År siden. Brevene var meget gode og opfordrede Forældre og Sødskende at komme efter. Han var bosadt i Iowa Stat og stod sig meget godt. Sámund Øiene var også hos Ole Møllerstuen og handlede til sig en Hardangerviolin for en Pibe.

Fredag 1ste Marts gik jeg på eftermiddag til Louve til Tov og Guro. Talte og læste længe med dem, og gik derfra til Lundevald, og derfra til Komynebygningen hvor der skulde være Opbyggelse om Aftenen. Der var mange mennesker forsamlede for at lytte på en skinheldig Prædikant.

På Hjemveien tog jeg fat på Svend Runningen fordi han havde skrevet og gjort Bemærkninger i en af mine Bøger fordi den ikke var efter hans Smag. Jeg refsede ham dyktig derfor.

Lørdag den 2den besøgte jeg Tormod Borgejordet. Tvende af hans Døttre, nemlig Gunhild og Hæge var hjemme, ellers vare hans Børn tildels bortflyttede, gifte eller døde. Sámund Øiene kom der også og vi spiste Middag og drak Kaffe hos Tormod, hvorefter jeg tog Afsked med ham og hans Huus, hvor jeg i Børnedagerne havde havt mange glædelige Timer med mine Slægtninge og Legekammerater. Jeg gik derfra Hjem.

Søndag den 3dje. Dette var sidste Søndag jeg var Hjemme. Gunder Nordbø kom der og spiste Middag og drakk Kaffe. Mit Sind var fyldt med forunderlige Tanker, ved at overveie at jeg så snart skulde forlade både Forældre, Sødskende, Venner og Fødeland. Jeg søgte at opbygge mig med Musikk, men mine Følelser vedblev at være oprørte.

Mandag den 4de Marts. Nu var det afgjørende Øieblik kommet at Afskeden skulde tages med Forældre og Sødskende. Det var hårdt, men måtte gjøres. Jeg havde en god Samtale med Fader og Moder i Kammeret. Deres Hjerter vare nu bløde og deres inderligste Ønske var at samles med mig i Sion. Mit inderligste Ønske til Herren var at han vilde forlænge deres levedage så de måtte få deres Ønske opfylte.

Jeg fik en Skindfæl og et Udlagen til min Reise, hvilke vil komme mig til stor Nytt.

Min Fader, Moder, broder Knut og lille Sødster Gunhild stod ved Ladegårdshjørnet da jeg gik sydover, og så efter mig. Jeg måtte flere Gange vende mig og se dem. Det var en klar og deilig Dag og hele Naturen ligesom smilede. Jeg havde også godt Håb om at se mine Forældre og Sødskende igjen i dette liv.

Broder Olav skulde følge mig til Byen (Skien) og tage Las Hjem igjen for Wohl. Han var kjørt i forveien, og jeg gik ind til Gudmund og Hæge Opsund for at tage Afsked med dem. Vi kjørte fra Midsund til Spjosod hvor vi gik ud for at tage Afsked. Vi bleve godt bevertet af Erik og Gunhild. Kjørte derfra isen til Rørhelle hvor vi traf Sámund Øiene, som også skulde til Byen efter Las for Wohl. Mikkel Sundet kom også efter og skulde til Byen for sin Fader efter Korn. Vi bleve derfra 4 Heste ifølge, Jeg og Sámund Øiene, Mikkel Sundet og Ole Hurrung (Bratsberg). Vi kjørte til Faret og logerede der. Sámund Øiene havde byttet til seg en vil (ond) Hest der bed ham om Aftenen da han skulde fore den.

Tirsdag den 5te kjørte vi til Kringlefedt, pustede og spiste der. Sámund byttede der bort den onde Hest. Vi kjørte derfra til Munken og hvilte der, og derfra til Skien hvor vi indtraf omtrent kl. 3 • Efm. Olaf, Sámund og Mikkel tog Logi hos Ingeborg Bekman. Jeg Logerede også med dem den Natten for Selskabs Skyld. Sámund Øiene og Mikkel vare meget morsomme om Aftenen.

Onsdag den 6te Bymænderne gjorde seg ferdige og kjørte fra Byen med deres Las omtrent kl. 12•. Jeg fulgte dem hele Tiden ligesom også denne Dag. Jeg fulgte dem på Norsøe ved Fjerstranden. Skildsmissen med Broder Olaf og Sámund Øiene var her atter meget tung, men måtte gjøres. Jeg forærede Broder Olaf en Urnøgle af Guld til Erindring. Han var meget bevæget og græd. Han og Sámund lovede at komme efter til Amerika. Vi

talede meget herom såvel som om flere Ting som vare gode og nyttige at efterleve. Min Broder erklærede aldeles ulyst til at blive her i Norge, og mit inderligste Ønske var han måtte samles med mig og Guds Folk i Bjergenes Dahle. Afskeden måtte nu foregå og de kjørte op over Isen, og jeg vendte tilbage til Byen, meget bevæget i min Sjæl.

Olaus Straumsnes i Amerika

Far min, Olaus Straumsnes, var nokre år i sin ungdom i Amerika. Om dette fortalde han mange gonger. Han skreiv også ein del om det han opplevde som innflyttar både av strev og slit. Han reiste til Amerika i 1893. Gunnar, bror hans, kom etter noko seinare.

Far reiste over på ei seilskute frå Porsgrunn. Det var ein liten båt og då det blei mykje vind, kasta byljune båten upp og ned. Mange blei sjøsjuke og kasta upp. Nokre av utflyttarane blei kasta frå eine sida og yver dørken og havna i fanget på dei som sat på andre sida, så glatt var det av alt oppkastet. Men dei kom då yver, men det var ikkje noko sosialvesen og asylmotakarar som møtte dei og hjelpte. Dei måtte klara seg sjølve, endå dei lite og inkje skjøna av språket.

Far prøva mange slag arbeid. Alt var hardt og arbeidsdagane lange. På ein tobakplantasje var raukane ein kilometer lange, men det var ikkje tale om å rette ryggen før dei hadde fara over ein rauk. I ein hjulmakarverkstad var det endå verre med lange dagar og hardt arbeid so dei kjende blodsmaken i munnen mange gonger. Ei tid var han agent for eit fotofirma. Det var visst ny teknikk på den tid. Med han fór rundt med dette, såg han ei jente som hadde fått hundegalskap og gøydde.

Ein vinter arbeidde han ein stad som var so kaldt at når dei skulle lata vatnet ute, måtte dei hope, for vass-stråla fraus før ho nådde bakken.

Far hadde ein draum og ei framtidsvon med Amerikareisa si. Det var å få utdanning som kunstnar. Han hadde talent for kunstmåling og bilethogging. Voni hans var at det var lettare både å lære og utvikle seg i Amerika. Det var det ikkje for han. Sjukdom og det harde arbeidet tok alle kreftene.

I eit notat om sjukdomen «Koldfeber» skreiv han:

– Her i Keyser i dag, lad mig mindes den høie sne og at jeg ikke er riktig frisk og ikke har penger. Ak, Olaus, nu er du fattig, men Gud velsigne og bevare mig. Lad ikke mismod trykke mig. Lær at tegne i Stouten og bliv endnu en berømt mann og lykkelig og glad.

– Kan jeg komme hjem, jeg som haver ingen venn i det fremmede land. Ak, om jeg sad i min stue hjemme. Å hvor jeg skulle skatte dens verd. Kold vind, hardt arbejde. Om vinteren koldere en koldt, om sommeren varmere en varmt så sveden perler i store dråber.

– Minder af koldfeberen, ikkje lyst til mad, samt utilfreds i hver nerve. Ondt i brystet, hold i siderne, dårlig afføring og skryklomp i halsen.

Etter heimkoma si skreiv han: Da jeg nu er godt og vel kommet hjem så vil jeg skrive tilbage og fortelle eder det. I dag er det 3. mai 1901. Det er bededag. Fader rodde til Revskil, jeg syklete rundt. Isen er næsten gåt op og det er varmt og godt solskin.

Sigmund Straumsnes

Litt frå Kviteseid i krigsåra 1940-45

Spjotsodd broi innvasjonsdagen 9. april

Eg var nede ved flytebroi ved Spjotsodd i kveldingi den dagen. Då var der trafikk. Bil etter bil køyrde tett etter kvarandre, alle full-lasta med folk i alle alderar. Lasteroma var fulle med pargas. I eit stakk opp ein liten båt av tre. Eg blei ståande til bortimot midnatt og trafikken var like stor og alle køyrde mot Vrådal.

Dagen etter gav lensmann Johan Sandvik ordre om vakt ved broi. Han hadde visst fenge ordren frå Drammenskanten. Desse var tekne ut til vakt: Olav Sørkås, Olav Haugan og Lars Larsen jr. Gevær (krag) og amunisjon fekk dei av Strauman skyttarlag. Andre dagen trekte Olav Haugan seg. Han måtte heim til våronni. Eg måtte ta jobben etter han. Og so stod me der då, sivilkledd med skarpladde våpen i nokre dagar til Johan Sandvik kom og sa: «Det er nok best eg fær våpeni og sender dei til Vinje. Hae tyskarane kome og sett dikkon stå der siville, hadde de blitt skotne ned.»

Dagen etter kom eit lite lag frå Seljordkanten. Eg trur dei var 6 mann. I laget var Knut Ånonsen frå Seljord. Han kjende eg frå Telemark Folkehøgskule i Kviteseid. Eg var der ute som sivil. Laget heldt til i Setflot skulestoge, men leiaren budde i Setflot posthus. Han var so nervøs at han stoppa veggeklokka for å få sova. «Me skyt han,» sa Knut, «for han er nasist». Det vart det no ikkje noko av, men eg hørde seinare at han vart teken på Rjukan.

Laget rigga seg ei stilling på andre sida av broi, ved Straumhaug. Dei hadde eit Madsen Mg, men elles bare kragar. Dagen etter vart dei trekte attende for då kom tyskarane. Dei hadde ei einaste motorvogn. Eg var der den dagen òg.

Læraren min, Hallvard Lid, som var gamal militær, og eg stod på skuletonet og såg dei køyrde over broi. Då banna den gamle militære. Det var einaste gongen eg høyrde han banna.

Det tok ikkje lang tid etter kapitulasjonen før tyskarane tok folkehøgskulen av Jakob Naadland, som vart skulelaus so lenge krigen varde. I staden vart det «frontkjemparskule» der dei vart lærde til ivitaka ymse viktige stillingar når dei hadde vunne krigen.

Då me ivitok folkehøgskulen etter frontkjemparane, fann me desse lærebøkene: «Håndbok for lensmenn», og dei tre fyrste bandi av Ole Johanne- sen: «Praktisk reknebok frå 1926».

Det var mykje uro i bygdi den tidi frontkjemparane var her. Dei snoka nokon kvar stad, so ein var aldri sikker.

Ein gong var det ein artig episode. Frontkjemparane skulle hava eit stort stemne og stod på rekkje og venta. Best som det var, kom ein stor gris rus- lande frå fjøset uppetter mot dei høge herrane!

Då den store rassianen kom mot slutten av krigen, vart mange tekne og førde til frontkjemparskulen. Der vart dei avhøyrde og torturera og trans- portera til Grini. Nokre fekk røme.

I boki: «Me ville vera med», er Hans Kosi utegløymt.

Ein slik plass var Klokka ti-nuten. Der såg ein ivi mykje av Kviteseid.

Frå 1940 til 1945

Sigmund Lindestad var aktivt med i Heimestyrkane, mest som ordonans for Torjus Loupedalen. Det var han som førde meg i kontakt med Torjus Lou- pedalen for transport til Hardangervidda. Det var endå borte ved Skreeåi ved Nordskog. «De æ visst ikkje våpenlause hera,» sa han, «eg fór akkurat forbi ei rifle i ei lurvegran her nede.» Ein gong tok Sigmund mot ein russisk rømling i Kviteseid-kleivane. Det var Torgeir Straand og Jon Fjone som kom med rømlingen. Deretter rodde Sigmund og Jon Fjone rømlingen frå Spjotsodd og inn til Fikjan ved prestegarden for vidare sending.

Ein gong i slutten av krigen fekk Sigmund stoppa ein rassia på rutebåten ved Spjotsodd. Han hadde blitt kjend med ein tysk offiser på posthuset og bryggja.



På flotebrui ved Smeodden kom tyskarane over i 1940.

Ein kveld fortalde offiseren at det skulle bli rassia på rutebåten på nedtur dagen etter ved Spjotsodd.

Uppe ved Litveit låg ei lense med timmer som skulle ned til nybroi som var under bygging. Sigmund fekk ordna det slik at lensa gjekk sund og tim- meret flaut utivi mot Lyngodden og stengde heile båtløpet so båten måtte vente ei lang stund og heile rassian vart avblåsen.

Dette fortalde Sigmund meg etter krigen.

Straumanfolk hadde rømde russiske fangar i skogen ovom husi ei stund under krigen. Dei vart «mata» på visse stader til ein fekk betre kontakt med dei. Tannlege Koren Dahl var upp og prata med dei. Han kunne tysk og det kunne dei litt av. Seinare fekk dei eit Noregs-kart og orientering, og ein dag var dei borte.

Ein av dei siste dagane fyri kapitulasjonen rodde Anne O. Nordskog og Anne T. Nordskog til Spjotsodd etter posten. Dei ana fred og ingen fare. Då brått small det. Det var ei patrulje tyske soldatar som smelde i veg med automatvåpen. Anne O. fekk eit streifskot i låret. Då snudde dei og rodde mot Strømstad. Tyskarane kom etter.

Dei vart noko flate då dei såg kva dei hadde gjort. Folki på dei tri Nords- kogplassane hadde sett på heile dramaet. Anne vart send til Søve, der det var sjukehus på den tid. Ho hev ennå synleg merke etter okupasjonen. Dette var siste skoti av tyskarane i krigen her.

Arne Nordskog

Gruvedrift i Vrådal

Bergverksdrifta her i landet starta opp i Telemark. Alt i 1524 vart løyve gjeve til drift i Gullnes i Seljord, alt 100 år før Kongsberg sølvverk. Samstundes med Gullnes vart gjort opptak til drift ved «Moiseberg» (Mosnap) i Fyresdal her i Vest Telemark. Men det var Kristian den tredje (1537-59) som fekk fart i sakene, og so kom Åmdals Verk til i 1540. I seinare tid kjenner me til drift i Dalane i Kviteseid i Bandakslid i Tokke og Syftestad i Nissedal. Vrådølane var nøkterne folk som heldt seg til jord og skog og hadde ikkje store draumar om «skjulte skatter» i den harde gneisen og granitten dei var omgjevne av. Men Åmdals Verk låg nær, so dei følgde godt med i dei skiftande tilhøva der og fekk eit visst innsyn og interesse for gruvedrift. Under den første verdskrigen vart det blåse til nytt liv i gruvedrifta her i landet, og ogso i Vrådal vart mange smitta av «Skjerpefeber» som det vart kalla på folke-munne. Alle som kunde håndtere bor og feisel og sjote av ei dynamittsalve, «muta» til seg eit Skjerp, det kosta berre 5 kr. den gongen.

Då tyskarane kom med «Tjukke-Bertha» og dei tunge, langt rekkjande kanoner, vart det sterk etterspørsel etter metall med høgt smeltepunkt. Mylybden med 2610 grader C. var eit slikt og desutan eit fint legeringsevne for stål. So no vart det det reine run for å finne molybden-gangar. Det vart skjerpt nokon kvar stad, bl.a. i Skarstøykbakkane og ned til fjorden. Mange meinte at denne gangen heldt fram under Vråvatn og so oppetter Porsvikskotet og vidare innover i Sinnesheia. Gunnar Kvæven og Tarjei Sanden med Tarjei Skipar som smed, dreiv noko i Grasdalen i Porsvikskotet og fekk ut noko molybden og koparkis. (1915-16) *)

Men mot slutten av krigen vart glimmer òg aktuelt som eit produkt som tolde sterk varme. Gunnar Kvæven og Tarjei Sanden tok då ut eit skjerp ved Ljosvatn i Sinnesheia. Dei hadde ikkje tid eller råd til å ofre serleg mykje på dette, og den lange og vanskelege transporten skremde. Og so slutta brått krigen og det var ikkje aktuelt lenger. For bl.a. i India er store forekomstar like i dagen og i mykje større flak enn her i landet. So det er berre i krigstider det kan gå her, då er det ikkje er spørsmål om kostnad.

Glimmer er eit silikatmineral som lett let seg spalte opp i tunne, bøygelege blad. Det er tvo slag: Biovitt er mørk og Moskovitt er ljøs. Det er ljøse, klare, store flak som er mest etterspurde. Glimmer vert bruka i våpenproduksjon, til ovnar og elektriske apparat m.m. «Kråkesylv» heiter den på bygdemålet. Det var vanleg tru at kråka stal sølv og det som var blankt og

*) Aslak og Jon Nordskog var ivrige malmleitarar ei tid. Dei fann molybden og fleire skjerp i Heggeliene og prøva seg i skogen ovum Eidstå, der dei jamvel dreiv inn ein liten tunnell, utan noko serleg resultat nokon av stadene.



Brakka låg fint

gøymde det i reiret sitt. Du kan finne slike glimmerblad nokon kvar stad. Glimmer ligg ofte heilt opp i dagen og vert lausrivne av vatn og is og vinden tek og fører dei lette glimmerbladi vide omkring. So kråka hev vel ikkje so stor skuldi.

Det er helst krig som set riktig futt i gruvedrift, so når den andre verdskrigen braut ut, livna all gruvedrift til att og gruvefolk frå Dalen og Åmdals Verk m. fl. hadde fenge nyss om glimmerforekomstane i Sinnesheia. Ein Breisand kom oppover frå Kragerø og fekk med seg Tarjei Sanden som då var busett i Nissedal og arbeide i Søftestad jernmalmgruvor, til å påvise feltet og få han til arbeide der. Men Tarjei vilde vere der han var, og han fekk då verve nokre mann i Vrådal og sende opp tri mann frå ei gruve i Sannidal. Noko seinare fekk han tak i ein bas med lag frå Tørdal, og ein køyrar med hest vart sendt hit frå Dalen. Det var ikkje veg frå Hovden til gruveområdet, so den første tida køyrde dei med små lass på ein tremeisled over myr og søiledike og rakk berre att og fram på dagen. Det vart straks sett i gang med vegarbeid på denne strekninga, og etterkvart vart det utført mykje vegarbeid og utbetring langs heile vegen eit par år framover. Det var straks sett inn tvo hestar, stasjonera i Porsvik, men transporten var tung og sein so omsider vart taugbane bygt frå Midtbudokki til Kollmyr.

Det var sist i august 1942 det kom igang. Nokre arbeidarar budde på Nivelking og seinare på Hovden når der vart ledig, Andrea Sanden Lauve låg der med krøter den sumaren. I all hast vart det sett opp ei lita brakke på feltet og 8 mann stua inn. Den vart seinare bruka til stall. Deretter kom det opp ei seksmannsbrakke for eit lag frå Kviteseid. Straks før jøl kom so Storbrakka opp, 22 x 11 m. Der var ein lang gang med mannskapsrom på



Kveldskos i brakka

kvar side, eit uvandt vaskerom ved inngangen og i andre enden ein stor spisesal, kjøkken og rom til dei tvo kokkene. Det var Tarjei Taraldlie og sønene hans frå Dalen som sette opp brakka. Skreosen levera alt som skulde til.

Like ved var det slått opp vedskjøl, men tvo gonger tok vinden og kasta det i koll, so då vart grima bolta i fjellet.

Det var sett opp ein utedo ved kvar brakke millom nokre store furutre og festa til desse. Men det var langt til arbeidsplassen mange stader, so arbeidarane flaug «på skogen» og sette ned «husmennar» nokon kvar stad.

Kompressorhus med smie var sett opp i utkanten av feltet for å unngå steinsprut. På Kollmyr var sett opp motor- og lagerhus for taugbanen og nede i Sinnesbukti eit større lagerhus for glimmer m.m., og kassefabrikasjon. Mannskapet på taugbanen og stigeren budde i eldhusa på Sinnesgardane.

Det vart helst drive i dagbrot. Frå først av berre nokre få mann med handboring. Det vart sjølvsagt lite av, og når brakkone ha kome opp, fekk dei med mykje plunder opp ein kompressor og rørledningar til arbeidsstadene og flytta etter som det trongst. Det var som regel berre tri lag i sjølve gruva. Kvart lag ein 4 til 5 mann med bas og 3-5 bormaskiner. Reiskapane var primitive, vanleg steinreiskap som hakkor, spadar, spett, steinbrett, og så hamrar til grovskeide glimmeren.

Avfallet vart køyrd på tipp med trillebører med jernhjul på plankegang.

Til tunnelldrif kom so ein vagg som vart skuva utpå tipp på ein flyttbar skinnegang. Det var skote store skot so steinen spruta vide omkring. Det måtte ikkje skjøtast for hart for det skadde glimmeren. Mykje storstein måtte difor slåast eller sprengjast att. Då vart det bruka mykje «Bjønning». Ein la då sprengstoffet på steinen og tetta over med søyle og jord, men det spruta fælt. Ein bruka helst Geomit; den var ikkje so «kvass» som dynamitten so det vart ikkje so småslege. Når dette var gjordt, kunne so laget setje seg ned på steinhaugane og slå ut glimmeren.

Gruvefeltet ligg på den nakne åsryggen millom Ljosvatn og Urdtjønn, nær 800 m.o.h., so det var sjølvsagt svært hardt å drive i dagen om vinteren. Når dei skeida såg du mest berre skinnluvone som stakk opp over snøhaugen og nasedropane som rann ned i kassa. Difor var det sett igang med eit par tunnellar, men det syntest vera lite glimmer inne i fjellet. Attåt desse i sjølve gruvefeltet måtte to mann stadig passe kompressoren og kvesse reiskapen. Det var bruka stjernebor som vart sette i ein arbeidsbenk, og når dei var oppheta i smiavlén, kveste ved hjelp av kompressoren og herda i ei balje med vatn. Tvo mann i kvar ende på taugbanen måtte til når den gjekk og i mellomtidene spikra dei saman kassar av tilkabba matrialer. Det var elles ikkje so lite trubbel med taugbanen, då vira rauk nokso ofte.

Tvo køyrarar ha stadig travelt. Dei gjorde to vendor pr. dag frå Kollmyr til gruva og tri gonger frå Midbudokki og ned i Sinnesbukta til lagerhuset der. Glimmeren gjekk vidare til Dalen der eit lag gjentor finskeida den.

Nesten stadig var mange i sving med vegarbeid, vedlikehald, snømoking og vedhogst. Det gjekk uhorveleg med ved. Då anlegget tok til, stod store mengder turffure av store dimensjonar i dette området. Den vart praktisk talt utrydda i heile området på dei tri eigedomane som støyte til her. Der var stadig brakkegut som sytte for å hogge og bere inn ved og vatn til dei tvo kokkene. Dei hadde reinhaldet i brakkone og koka poteter, fisk og sild som det helst gjekk på den tida. Gruva sende dan og vann opp ei kasse «flatfisk», salt som berre det, so med same den kom, vart den sturta i ein stor vasspytt like ved storbrakka. Ellers stelte kvar seg sjølv av eigen mat som det var helst lite av. Kokkone ha med seg ei geit so dei verst stilla fekk litt mjølk iblandt.

Når annlegget byrja, fekk kvar utlevera eit par tresko og det kom ein sekk med trebotnar til byte inn i overlæret. Men det vart med det og seinare flaug arbeidarane på skogen etter evne til trebotnane som var fort utslitne i den kvasse steinen. Men dei var varme og med å berge helsa i den sterke kulden.

Dagar med storm og uvær var det berre å halde set innandørs. Det gjekk mykje med lesing då og om kveldane elles.

Nokre av oss ha ein radio som me skiftevis ha tvo mann til høyre på Lon-

don. Først tok me ei sinkbeslegi dynamittkasse og ha den under eit par storfuror eit godt stykke frå brakka. Men so oppdaga me at den tok skade av damp når det vart kaldare, so der var laga ein glugg under senga i romet vårt. Men so kom køyraryne med rykte om husundersøking og at tyskarar skulde kome. Då torde me ikkje ha den der. No var gode råd dyre, men so ein dag me skaut, flaug det ut ei stor steinhelle og stod ut i steintippen som eit tak. Me bygde då eit lite rom under denne og sytte for at der til kvar tid var tippa masse over. Der greide den seg godt og gjorde teneste til krigen var slutt. Der var fleire heimefrontfolk, og me fekk i blandt illegale skrifter som dei innvigde fekk lese, men dei var me svært forsiktige med og brende straks. Det var motstandsfolk dei fleste, kanskje alle, men det kunde me ikkje lite på, so me var svert varsame når det kom nye folk, serleg siste tida.

Ellers gjekk kveldane med mat- og kledestell, skrøner og sannsoger om kvarandre. Summe dreiv med kortspel, og det var ein god felespelar i gjengen. Vrådølar og Kviteseidningar gjekk til fots eller på ski heim til kvar helg, men Tørdøler og nokre få med lengre veg, var heim annan kvar helg. Det var halde skirenn i gruva og turar i området og molteplukking på etter-sumaren var fin avkobling. Arbeidsstyrken skifte ein god del, frå nokre få mann den første tida til 20-30 på det meste. Timeløna var på slutten kr. 2,- for basar og smedar og 10-20 øre mindre for dei andre. Det var høve til akkord, men lite glimmer og andre tilhøve gjorde at det ikkje kom i «frågan». Grunneigaren fekk betaling pr. tonn som vart drive ut. Det var Ditmer frå Dalen som ha overtilsyn, men han kom sjeldan lenger enn til Sinnes der stigeren budde.

Stigeren kom med lønning kvar 14 dag, men var ellers sjeldan å sjå. Samstundes vart det drive glimmergruvor i Bandakslid og ved Heivatn i Kviteseid.

Gruva gjekk til utgangen av april 1945. Då var alt liggjande til utpå hausten. Grunneigarane var tilbodne og kjøpe brakkone, men var ikkje interessera, so alt vart rive og selt vekk. Storbrakka vart kjøpt av Sigmund Straumsnes, Gunnar Åsheim og Gunnar Holte i saman. Dei gav kr. 3.000,- og kosta transporten ned like mykje. Dei reiv brakka sjølve, men der var mykje grov og god material, nok til tri vanlege våningshus, so det var god handel. No stend berre pipa med brandmur og røysemuren att som minnesmerke om A/S Sinnes Gruber.

Tor O. Sanden

Og «verda» var dengongen Kviteseid

Mitt første steg ut i verda bind eg i hop med ein skoask til sko nummer sju-ogforti. Og «verda» var den gongen Kviteseid.

Bygda låg langt, langt attom Hattefjell og mange andre fjell, visste eg. Ja, det var mange fjell og dalar, vidder og blånar før ein kom dit. Men kom ein der først, var ein midt oppi det: dampbåt på fjorden, apotek på hjørnet, bakarar som gassa seg med franskrød og plettur, garveri med stank av ragg og klauver, sakførarar, skrivaren og tannlækjar Arneberg. Berre vi tenkte på den karen, reiv og sleit det i kjakebein og holtanner så gåsehuda breidde seg over heile kroppen. Men han var noko av Kviteseid. Det same var Bussur og Bergit Aslestad. Og sjølv sagt Telemark Folkehøgskule.

Men litt meir om skoasken. Han stod på bordet på Haugen tidleg ein morgon eg kom dit. Nei, natta måtte det vera, for vi skulle nå morgonbåten i Kviteseid, og den gjekk tidleg klokka sju eller halv åtte, trur eg. Vi måtte nok setja det lange beinet føre, skulle vi nå han.

«Vi» var Halvor, eg og så Haugeros. Kyra skulle heilt til Skien. Det var mest så eg misunte henne denne herlege reisa over fjordar og tronge sund, gjennom sluser og stride straumar. At målet var Andelslakteriet, tenkte eg ikkje over.

Eg fann fort ut at skoasken var full av nystekte vaflar. Det leita ikkje på å gå fire mil med ei slik niste. Gamle Kari skjøna nok kva som trongs av mat til ein slik tur. Som ein slags «sikringskost» stakk ho til meg ein kandisklomp på halvmeteren.

Så drog vi i veg, eg til eventyret attom alle fjella. Haugeros bort frå smylilier og mjukt tungras, og inn i noko ho aldri kom til å skjøne. Halvor venta nok ikkje store eventyra i «byen» ved Sundeilen. For han var det berre litt avveksling i arbeidet, ikkje noko meir.

Eg kjende meg herleg trygg når eg såg fram i den breide ryggen til Halvor og den digre ryggsekken som lukta nystekte vaflar lang veg. Kandiseykket låg ennå i lomma. Var nok tryggast å gøyme denne til heimeturen. I Seljord var det ingen tannlækjar til å torturere smågutar med tannlækjarskrekk.

Det går ikkje ann å skrive alt ein kunne oppleve på ein fottur til Kviteseid for 55 år sea. Det kunne bli ei heil bok, om ein tok med alt. Det var så uendeleg langt, langt, må du veta, serleg for ein smågut som eg.

Eg tykte vi hadde kome så langt som det var forsvarleg å reise med ei kyr, då ei god brødlukt blanda seg med lukta frå ryggsekken. Ho kom frå eit lite panneakehus som låg oppi kanten av ein hage. Eg var viss om at det var her hekka heldt Hans og Grete i fangenskap, men Halvor kunne

fortelje at det var bakeriet til Sondre Olsen, og det laut eg tru, endå eg trudde fast at det var Kviteseid som hadde enerett på slike karar.

Halvor hadde arbeid på Rjukan og hadde lært alle dei rallarviser som var noko å kunna. No song han så det ljoma i nutane. Her og der svara det ein hane, men folk såg vi ikkje. Derimot hadde Haugeros fått auge på nokon av ætta si. Ho rauta så det losna eit lite ras i nuten ovafor Ramskei. Eg laut daske til ho litt med staven før ho ville vidare.

Det er ikkje greit for ein gut på 8-10 år å gå kilometer etter kilometer i lukta av nysteikte vaflar. Komne til Vigdesjå hadde ho mest teke knekken på meg. Eg tok mot til meg og ropa fram til Halvor at no lat kyra få kvile. Det er alltid godt å ha ein å skulde på, veit du.

Haugeros trong ikkje gå langt etter maten, og ikkje vi heller. Skoasken kom opp, og vaflane rann ned i hop med vatn frå St. Olavs kjelda. Eit herleg måltid.

Bestemor hadde fortalt om Hesteskodiket. Det hadde visst hendt mykje rart der gjennom tida, eit og anna som gjorde det spanande å fara gjennom tunet.

Husa kom nærare og nærare, og spaninga voks. Vegen smaug seg mellom stova og uthuset, og for meg såg det så smalt og trongt ut, at eg lura på om Halvor smatt igjennom med den store ryggsekken. Men han smatt igjennom utan vanskar, vi smatt igjennom alle saman, Haugeros med ei glad morgonhelsing til skyldfolket inni fjøset. Dei helsa attende med lange drøn.

Ved Stampebroi møtte vi sola og samstundes kom det etter oss ein spræking med bryststykket av svart fløyl, påbrodera ei fargerik rose. Flinke kvinnehender hadde gjort det dei kunne for at mannen skulle ta seg ut når han kom i skrivargarden. Ja, for til skrivaren skulle han, kva det no gjaldt.

Mannen drog i frå oss som ein skugge. Sola blenkte i hælringane, og ei lita støvsky la seg kring oklo hans.

Over Brunkebergskogen opplevde vi noko av sogene og eventyra til Knut Loupedalen. Ein bekk kom til møtes med oss, ein glad vandrar, som nynna og plystra på ein glad marsj, på veg til Vigdesjå. Rundt oss låg åsane med blå himmel mellom trea, skjeggute graner i djupe jutulhogg. Oppi liene låg det eventyrgardar og sov. Draumar om tussar og troll blei nørde, eventyret om han som fekk kongsdotteri og halve kongeriket, og han som lykka strauk forbi med han pusla med sine kvar dagslege gjeremål.

Eg minnest ikkje så mykje til Brunkeberg, berre kyrkja og fuglane som heldt morgonandakt i trea innpå kyrkjegarden. Men Kviteseidbakkane hugsar eg, smale og svingute, og uråd å greie utan god baksele.

Men vi greidde bakkane, og så gjorde vi vårt inntog i Kviteseidbyen utan å sjå ei rykande pipe. Ingen bakar eller tannlækjar å sjå, heller ingen sakførar, og skrivaren var vel ikkje av dei som reis opp i otta, måtte ein tru.

Så svinga «ferdafølgjet» inn i tunet til Bergit Aslestad. Uthuset stod ulåst. Vi fann ein bås til Haugeros der, og ein høydott. Då dette var gjort, hadde Bergit kome opp, og så blei det kaffe og vaflar og ei veltent kvild på kjøket.

Gjennom vindauga sat eg og såg på med byen vakna. Røyken steig opp frå alle pipene, og ein og annan glytte på døra, somme kom heilt uti gata, dei strekt seg og gjespa før dei gjekk inn att. Der nede på hjørnet låg apoteket og minde om sjukdom og elendighet og om «glade laksar» som friska seg opp med ein «putt» når livet baud dei i mot. Ein stad oppmed lensmann Sandvik hørde eg glam av hestehøver og firehjulsvogner. Det var lassekøyrarar på veg til brygga.

Eg såg stendig på veggklokka og blei nervøs. Kom ikkje båten? Eg var livende redd for at vi skulle sitja her å vasa til båten reiste frå oss.

Men Halvor blei visst aldri mett i dag. Botnen på skoasken var ikkje langt borte, no. Skulle han ikkje spare noko til heimturen?

Der tuta båten. Slutt med etinga, og ut med Haugeros. I gata aura og krydde det av folk og hestar, og midt i dette virvaret gjekk kyra, svinga på rova og leika reisevant.

Haugeros reiste ikkje på førsteplass, det gjorde ho ikkje, men ho kom då avstad. Halvor og eg stod att på brygga og hadde det vondt. Så vende vi nasen hin vegen, mot aust og ei to mils lang heimveg.

Hans G. Kivle

Med Aasmund Vinje for å samle folkeminne

Dei store vatni i Vest-Telemark var i gamal tid hovudvegen ut i verdi for vest- telene. Frå gamalt var det å ro, men då St. Olav i 1852 byrja som rutebåt, vart det etter kvart slutt på å ro. Dette var vel og bra, men kontakten mellom roarane og folket langs vatni vart borte.

Aasmund O. Vinje var viss på at både eldre og yngre folk langs vassdraget kunne mange gamle eventyr, soger, segner og songar og var mykje huga på å skrive upp dette. For å koma inn til folk, måtte ein ro. Vinje hadde lenge sysla med tanken om å taka ein rotur frå Strengen til Dalen.

I 1856 eller kanskje det var i 1857, blei det alvor av tanken. Vinje kjende Hans Sv. Saltevu i Flåbygd. Sonen hans, Andres, var då 13-14 år og kjend




Lenge sidan me leika ber.

langs vassdraget. Vinje spurde Hans om Andres kunne få lov å ro han til Dalen og baud 14 mark og kost og hjelp til roingi. Andres tykte dette var storvegs, og både han og faren sa ja.

Og so let me Andres fortelje om då dei vitja Jørund Austenå: «Den fjorde dagen rodde me frå Fjågesundfolki burt til Jørund Austenå. Vinje hadde høyr, at der hjå Austenåfolki skulle vera seks merkjelege skei-ir, som var komne til gards på ein forunderleg måte. Dette måtte han høyre meir um. So rodde me tillands. Husi stod oppå ein bakke. Vinje bad meg å springe upp og beda mannen koma ned, han ville sitja att i pråmen. Eg var lett på foten og sprang upp og banka på dynni. Kjerringi kom ut og bad meg koma inn. Då eg spurde etter mannen, ropa ho på Jørund, og straks etter kom han inn frå koven, ein liten tass med djupe, gnistrande augur. Han sette seg beint framfyre meg og la båe føtane uppå fange mitt. Eg kvakk og ville upp, men mannen sa: «Ver ikkje redd, guten min, eg ska kje gjera deg noko. Hot æ de du vi då, far min?» Eg fortalde det og sa det var ein mann ute, som ville tala med han. Han sit ned i pråmen og vil du skulle koma ne te han! Då eg fortalde at det va Aasmund Vinje, sa han: «Nei, de æ nå vel ikkje diktaren?» og so gjekk han ned til han.

Då dei hadde helsa og rødt ei liti stund um slikt som fell seg, spurde Vinje um dei mægjetne skei-ine. Han hadde høyr um dei og sa han ville



Tusseskeiene på Østenå

like å få sjå dei. So gjekk me upp i tone og inn i stoga og fekk sjå spønne, og so fortalde Jørund segni um dei:

«Slik som det er meg fortalt, so gjekk de soleis te: Langbestefar min, Greggar, åtte denne garden, då han kom hit. De fyrste åre han var her, skjærna åkeren so fort, og han fælte for at korne ville dette ned fyrr dei fekk skjera de. So kom han på, at han ville gjera skurdugnad og beda te seg heile grenni for å hjelpe seg å berje avlingi. Dei bryggja og baka og stelde til dugnaden. Um kvelden då dei ha fenje øle på tonna, og ho var dyrjande full, gjekk Greggar ut på tone so svint. Då høyrde han noko rusla borti åkeren. Han stod og lydde ei stund, og so høyrde han tydeleg ein som sa: «Statt ikkje strak, statt ikkje strak, skjer å rak, skjer å rak.» Eit anna mæle sa: «Huk kje å sit, huk kje å sit.» Endå ein svara: «Gjer du ditt, so gjer eg mitt. Gjer du ditt, so gjer eg mitt.»

Han undrast på dette og gjekk bort til åkeren. Då såg han at åkeren vart skoren og konne fest på staur. Då såg Greggar at tussane var flinkare enn han hadde vore.

Då han kom inni tunet att, var der ein myldrande flokk omkring honom. Kor dei kom frå kunne han ikkje få greie på. Dei bukka og helsa og ynskte han til lykke på garden. So va de ein som sa: «Me såg denne fine byggåkeren din og fælte for at grøda vart øydelagd, dersom ho ikkje blei skori fyr

de fæle uvere kjem.» Då takka Greggar dei, for de dei ha gjort og baud dei inn på øl og mat. Han tappa i den eine bollen etter den andre, og dei åt og drakk og var lystige. So kom ein fram med ei fele og tok til å spela og alle saman til å danse. De heldt dei på med til soli spratt på fjøll, men då kom dei bort og då var tonna tom og maten uppeten.

Fyri dei bjønda med dansen va de ein av dei som gjekk fram og sa til Greggar: «Nå æ de hondre år sea me hev hatt slik moro på denne garden. Nå vi me lata etter kánn eit minne om denne gama-nátti. Her hev me 6 sylld-spønir, desse skø Greggar og kjeringi få til minne etter kánn.»

Slik va de, at desse sylvspønine kom hit, sa Jørund. Han hadde dei i ein ullduk mæ sylvspenne rundt. Vinje syntes dei va vene. Han såg væl på dei og fann eit vers innkrota mest på kvor ei. Eg synes minnast at de på ei av dei sto: «Gulbring Sjerte, Gud trøste å bære mitt bedrøvede hjerte».

Um morgonen den 5te dagen reiste me derfrå til Grotnesfolki, Bjørgulv og Else.»

Andres, som seinare kalla seg Eivindskos, reiste i 1868 til Amerika og fekk seg farm nord frå Watson. Her heldt han norsk skule og var klokkar i 42 år. Torkel Oftelid, som var skriftstyrar for Årbok for Telelaget, skreiv omkring 1920 ned det Andres fortalde om roturen frå Strengen til Dalen og tok det med i Telesoga i 1926.

Bjørguv

Han heitte sjølvsgatt Bjørgulv. Bjørgulv Wassend med W til og med når han ein gong i mellom trong skrive namnet sitt. Men i bygdi og grendi sa me bare Bjørguv. Han var litt av ei myte alt i sine yngre dagar. Og myten vil liva så lenge det er att nokon som hugsar han.

Bjørguv var ein «djuping». Han laga visst sjav det ordet, men det var ikkje så mange han omtala med det heidersnamnet. Han var ein original og lika å spela den rolla. Stundom blei det mest litt krampaktig. Men det var nok heilt naturleg for han ikkje utan vidare å akseptere slikt som liksom var vanleg meining. Han var kunnig i så mangt. Det var mest ikkje ei praktisk oppgåve han ikkje ville gjeva seg av med om han blei spurd eller om oppgåva brått låg framfor han. Og stort sett kom han ifrå det han tok fatt på, på ein eller annan måte. Men det tok si tid. Hans trong til ha si eigi meining om det meste, gjorde at han blei kalla tverkeleg og vrang. Han var det au. Men me som verkeleg kjende han, veit at snillare kar og meir hjelpsam gjekk knapt i to sko når det kom til stykket og verkeleg knipte.

Me måtte ofte undre oss over alt han hadde greie på også utanom det

reint praktiske. Han las nokså mykje både aviser og bøker og var ein flittig lånar i folkeboksamlingi. Når det kom nye bokkassar til Haugan, gjekk han lenge over innhaldet og bladde og kikka før han gjorde sitt val. Det hende han fekk erting og fulord etter seg i slike situasjonar. Ein gong var det ein av dei andre som hadde fenge tak i boki «På tverke» av Olav Duun. «Her må vera ei bok som passar for deg, Bjørguv,» ropa han. Bjørvulv tok i mot boki utan å svara noko. At han las boki, kan ei vera nokså sikker på.

Elles var «Alnakka» truleg den viktigaste kunnskapskjelda Bjørguv hadde. Han las den boki grundig og tok fram att eldre årgangar der han hadde vore borti stoff som kunne få ny aktualitet. Folk flest nøydde seg med dato-lista og «aspektin», og elles opplysningar om jakttider, hestemarken og slikt. Bjørguv las alt saman og det såg ut som han skjønna det meste. Han interesserte seg også for populærvitenskapleg stoff han fann andre stader.

Bjørguv hadde godt minne, og det han slik hadde lese, tok han ofte fram i diskusjonar han gjerne fekk i stand med grannane sine. Ikkje minst med far hadde han mange hissige diskusjonar som ofte tok utgangspunkt i Bjørguvs bastante formuleringar på grunnlag av slikt han hadde lese i alnakka eller andre kunnskapskjelder.

Stundom kom desse utsegnene til å få ei form som skapte segn og soge. Såleis hadde han bite seg merke i noko ein eller annan psykolog hadde sagt om at mest ingen kan seiast å vera heilt «normal». Me har alle eit eller anna avvik frå normalen. Det kan vera i positiv eller negativ leid.

Ein gong lensmann Sandvik kom køyrande gjennom bygdi og stoppa ved Haugan, hadde han som så ofte kritiske merknader om morgedølene reint allment og om einskilde, namngjevne personar spesielt. «Det er som eg jamt hev sagt: de er spikans galne,» sa lensmannen. «Ja, kjem det til stykket, så er me vel ikkje rektig vituge anten eg hell du,» svara Bjørguv som slumpa til å stå i nærleiken. Lensmannen slo på hesten og køyrde vidare utan å seia farvel.

Bjørguv heldt «Bratsberg-Demokraten», han var sosialist, Bjørguv. Men nokon revolusjonær var han visst ikkje, ikkje ein gong då det var på moten å skræma sambygdingane med slike røur.

Det fyrste minnet eg hev om Bjørguv, var frå 17. mai 1914. Då hadde han teke på seg å salutere frå toppen av Drakadriten. Det gjorde han slik at det dundra og huset heilt opp riste. Han hadde drive mykje med steinsprenging og anleggsarbeid tidlegare, så det var fagmannen som fekk det til å smelle i Sollidgrendi. Han rødde seinare ofte om den saluttering.

Utpå hausten, eller kanskje det var vinteren, blei Bjørguv utkalla til militærteneste, nøytralitetsvakt. Han blei borte lenge. Om eg ikkje minnest feil, var det i Svelvik han var stasjonera. Eg minnest då han kom heim att. Ein kveld var far og eg der nede og då fortalde han ei mengd om det han

hadde opplevt. Eg skjøna vel ikkje stort av det, men eg blei veldig glad då eg fekk eit fotografi av han i uniform. Eg trur han hadde fenge grad som sersjant, korleis det nå hadde gjenget til. Militærlivet snakka han ofte om seinare, heilt til det siste.

Eit anna minne frå denne fyrste tidi knyter seg til hans tekniske hagleik. Han var sjeldan imponert over slikt som kunne kaupast ferdig i bui. Trong han det, prøvde han helst å laga det sjav. Som då det blei vanskeleg å få tak i petroleum og folk i staden skaffa seg karbidlamper. Det blei distribuert ei type billege karbidlamper gjennom provianteringsnemndi, og far kaupte ei slik ei. Bjørguv bare bles av den greia, og det synt seg snart at han hadde rett. Eg minnest ennå slik pine det var for oss at far hadde late seg narra og fata bort pening på jukset.

Bjørguv gjekk i gang med å laga seg si eigi sjølvkomponerte karbidlampe. Han fekk lampa til lyse både klårt og lenge. At det var noko slags sikringsmekanisme på lampa, kan eg ikkje tru. Men lampa eksploderte ikkje, og eg minnest vel så imponert eg var og ynskte at far hadde hatt maken.

Seinare blei eg kjend med eit anna prov på Bjørguvs tekniske kapasitet. Men den synt han ikkje fram. Tvert i mot. Det var visst Torleiv som oppdaga nokre saker under fossen i bekken frå Nastaultjønne, like ved delet mellom Sollidgardane. Torleiv synt meg sakene og eg forstod straks at det var eit heimebrennarapparat. Eg hadde sett teikningar av slike i avisene. Det synt seg tolg seg snart at apparatet fungerte. Eg hev ein mistanke om at han hjelpste til med å få i stand liknande produksjonsutstyr for andre i grannelaget. Men dette me fann borte ved Dranglandsbekken er det einaste eg hev sett.

Det blei svært mange hermur etter Bjørguv. Mange av dei hadde sin bakgrunn i hans trong til å ha si eigio meining om dei fleste spørsmål og hans forakt for alskens pjatt og jatting med alt som gav seg ut for vanleg meining og godkjende sanningar. Ofte kunne denne trongen føre til groteske postulat.

Bjørguv gjekk mykje kledd i den same habitten sommar som vinter. Det galdt i alle fall i hans eldre dagar. Mor sa det stundom til han i onnearbeidet om sommaren når han kom burt til oss på jordet. Ho kunne ikkje skjønne at han heldt ut med så mykje klær på seg. «Det er mykje sunnare å ha skikkeleg på seg i vermden,» svara Bjørguv og refererte til mykje han hadde lese eller høyrte av lærde folk om det skadelege i kle av seg i solskinet.

Om vetteren var det omvendt. Ein gong fortalde han om ein tur han hadde vore med hest og lass over Liervatnet då det var slik kulde. «Det måtte svie i anlitet,» meinte mor. «Å nei, langt ifrå,» var svaret. «Når det blei sopass kaldt, kjennest det ut som det vermdde omkring øyro.»



«Eg som tiss heiltupp d'æ gott.»

Ein gong det var fest i ungdomshuset utpå hausten, bar det slik til at Bjørguv hadde fenge i seg noko han ikkje tolde, eller kanskje litt for mykje av slikt han vanlegvis tolde bra. Han krabba med respekt å melde i vegvreita og kasta opp. Eit kvende som kom framom og forstod kven det var, gav uttrykk for at ho synt seg synd om ham, og spurde om han hadde det vondt. «Vondt nei,» svara det or mørkret. «Eg som tiss heiltupp d'æ godt!»

I mange av dei passasjan og hermun som framleis gjeng på folkemunne i bygdi, gjeng det att ein annan person, som var ein like stor bygdeoriginal, men på ein heilt annan måte. Det var Fossjord'n eller Olav Fossjord som var heile namnet. Dei budde i Sollidgrendi bae nokre år, men det var ikkje berre i den tidi dei bae ofte figurera saman i røur og rispur. Olav farta så mykje omkring i grannelaget all sin dag og var som eit muntrasjonsråd eller ein talsmann for folkemeining og jantelov i det landskapet.

Under krigen var det mange som hadde radio og ofte blei det snakka ope ut om kva som var å høyre frå London. Bjørguv nemnde ein gong i Hauganbui at han fekk så godt inn sendingane på hollandsk. «Skjønner du hollandsk då, Bjørguv?» blei det spurt. Nei, han kunne vel ikkje seia det, men han greidde då å få eit inntrykk av kva meldingane gjekk ut på, let han. «Eg æ so i beit med dei russiske meldingane eg,» kommentera Fossjord'en.

Fossjorden var utruleg ordhag og litt av ein kunstnar til å fyre av ein replikk som kunne stå som eit forløysande ord i situasjonen. Spitordi hans var ofte temmeleg giftige og han var heller ikkje redd for å fyre av sine giftpiler direkte mot målet. Men det skulle då helst vera publikum tilstades som kunne sikre han eit visst bifall. Hans mest treffsikre utsegner skjedde nok helst i fråver av den det gjekk ut over. Bjørguv var ofte skyteskiver for Fossjordens satiriske meisterstykkje. Men Bjørguv tok seg liksom ikkje nær av det. Men det var tydeleg nok at han ikke estimerte Fossjorden særleg høgt. Tvert imot. Det gav han ofte tydeleg uttrykk for. Bjørguv kunne på si side koma med temmeleg treffsikre karakteristikkar av sine medborgarar, han au.

Som alt nemnt, var Bjørguv i kvardagslaget nokså rufsleg å sjå på. Han spøkte med at han sjeldan eller aldri vaska seg. «Om 14 dagar æ eg like lortut att, so det er ikkje bryet verd», sa han i spøk. Men når han ei sjeldan gong var «i pussen», var han ein staut og lagleg kar.

Han var utruleg sterk og seig og ein hard arbeidskar når han fyrst la seg i selen. Men han ville aldri vera slave av arbeid eller anna. Kva tid han kunne bli ferdig med slåtten eller anna onnearbeid, spela mindre rolle for Bjørguv. «Det hastar kje med slåtten so lenge det veks», sa han eit år jordnet hans bare var halvslege i slutten av august.

Bjørguv var ein stor naturelskar. Å vera med han på fisketur eller etter moltur, var ei stor oppleving. Han var kjend over alt. Han blei liksom aldri ferdig med å saumfare heile synsvidda når me tok oss ei kvild oppå ein nut eller knause. Og det spela ikkje større rolle om ikkje fiskelykka var så rar eller om moltemyrane var tome då me kom fram. «Du veit det va ein stor-arta tur», var hans stadige kommentar når rapport skulle gjevast etterpå. Det var alltid hyggeleg å vera på tur med Bjørguv.

Han var mykje eldre enn oss. Kunne vel vore farbroren vår. Og me kjende det halvbest som han var ein jamaldring. Det var han som styrde med ruta me skulle gå og han avgjorde farten, og det var ofte me yngre hadde vår fulle hyre med å fylgje med. Oftast hadde han den tyngste sekken.

Det var mykje å rø om på slike turar. Men det var heller ikkje tungleg om det kunne gange lange stunder utan at eit ord blei sagt.

Då Bjørguv fylde 70 år, fekk han eit telegram som lydde slik:

«Du lika stødt å gå din eigen veg.

Den gjengse meining imponera ikkje deg.

I dag då ferdigsydd sitt syn

dei fleste fann,

d'er gildt å kjenne slik ein mann.»

Olav Lid

Den milde makt

*Ei segn kan fortelje at soli og vinden
sat ein gong i god-drøs to eine på rinden.
Men vinden, som trudde seg sterkaste ruggen,
la røda si slik at mor sol kom i skuggen.*

*Eg vågar, sa vinden, i styrke du tapar
når eg som eit stormtroll på havet meg skapar -
med skumfaks og rider so storbåten kvelver,
og verdi i otte for makti mi skjelver.*

*Med vinden han bles seg til meister på jordi
let soli han blåse og ymta kje ordi.
Ho smilande såg på kvar bryddande kumar
som blømande spratt mot ein komande sumar.*

*Du teier, sa vinden, og tapar din stakkar.
Kan du velle stortre i dalar og bakkar?
Kan du jaga skyer som fossande flaumen?
Kan du temje storbav som fisken i taumen?*

*Då såg dei ein mann som i vårljose frakken
gjekk frametter vegen der nedunder bakken.
Sjå der, grylte vinden, - eit heppeleg hende.
Den sterkaste er som fær mannen yv' ende.*

*Og vinden til blåse so sterkt at det knaka,
og skogen han anka seg, brotna og braka
og mannen han vingla når vindflaga slo han
og raga og sjaga, men likevel stod han.*

*No soli tok på seg si blidaste mine
og rett imot mannen ho tok til å skine.
Og solsmilen vernde so mannen i frakken
laut taka han av seg og kvila i bakken.*

*Men vinden han furtande fauk utfrå ranten
stod soli der innvarm og såg etter fanten.
Men segni er sann og kan sanning oss læra
at einaste mildskap kan berga og bera.*

Johannes Skarprud

To husmannsplassar i Dalane

Kleivmorki

I dag er det lettvindt å koma til Kleivmorki. No kan ein bare setja seg i bilen og køyre skogsbilvegen heilt fram. Soleis var det ikkje fyrr i tida. Då måtte plassfolki slite med tunge byrer på ryggen opp dei bratte bakkane. Kleivmorki var ein lettvind plass der han ligg i eit dalsøkk med mest berre flate og fine jordteigar. Solvendt og lognt låg husa i ein liten skråning under fjellet. No er det bare stoga som står att av husa, og hadde ikkje eigaren for nokre år sidan lagt nytt tak på stoga, so hadde heller ikkje ho stått der i dag.

Kleivmorki var i si tid plass under heimigard Tveit og var nok ein av dei beste plassane, der dei kunne fø eit par kyr og nokre geiter i gode år.

Det er ein gamal plass, og der har visst butt folk heilt frå 1600-talet. Dei fyrste eg hev funne navn på er grenader Halvor Tormodsson og Gunvor Andresdotter som budde der i 1750. Sonen deira, Tormod, var fødd der i 1757. Han vart gift med Ingebjørg Jonsdotter, og dei budde der fram mot 1796. I åra fram til 1815 veit eg ikkje kven som budde der, men det året kjem Auver Eilefsen og Gro Ånundsdotter dit og bur der til 1825, då dei flytte til Kvåle under vestigard Tveit. Eilef, sonen deira, var skomakar. Han og kona Sigrid Tormodsdotter, bur på Kleivmorki til omkring 1830, då dei flytte til Kosi under heimigard Tveit.

Etter dei hev mange budt i Kleivmorki, og mange hev flytt der ifrå til Amerika. Det var vanleg at plassfolki flytte frå den eine til den andre plassen på 1800-talet. Det var nok mange grunnar for dette. Ein var at dei prøva få seg ein betre plass der det var lettare å livberge seg.

Det rusla av og til bjørn i Kleivmorki fyrr i tida, og det hadde visst hendt at bjørnen fekk seg eit måltid med geitekjøt. Ein gong då eit par gutungar var i skogen med geitene, fekk dei sjå ein bjørn kom luskande mot dei. Då fekk dei med seg geitene og tok til sprangs heimatt, men bjørnen fylgde med dei heilt fram til plassen. Då snudde han og labba til skogs att. Det var ein snill bjørn.

Eg hev ikkje høyrte andre bjørnesoger frå Kleivmorki og ikkje at det er skote bjørn nokon gong innmed plassane.

Etter det far fortalde, skulle det på låvebriki på Kleivmorki ha vore skore inn ein kross for kvar som hadde døydd på Kleivmorki og lege på likstrå på låven. For mange år sidan var eg inn på låven og ville telje krossane og sjå kor mange som hadde lege på likstrå der. Då var låvebriki øydelagd.

Dei hadde skori vekk øvste stokken i briki for å gjera gluggen større inn til løa.

Mange av husmennene i Kleivmorkgrendi var hendige og nytta dette ut. Eg har alt nemnd Eilef som var skomakar. Mannen på Omdalen var snikkar, mannen på Skeidal var skeibindar og mannen på Eikedal skinnfellmakar.

Dei siste som budde på Kleivmorki var Torjus Olavsson og kona Hege Olavsdotter. Dei reiste til Amerika i 1901.

Eg og nokre andre budde i den gamle stoga i Kleivmorki ein sumar me hogg timmer i skogen der. Det var ei stor plage å elde når me laga mat, for røyken slo nedatt i pipa. Stundom var det so ille at me måtte ut å få frisk luft. Var det slik når det budde folk, so stakkars dei. Det er sagt at ein kan vengjast med det vonde til det blir godt. Eg tvilar på at dette er sant på Kleivmorki.

No er det meste av Kleivmorki vakse til med skog, men enno kan ein sjå verur etter åkrane*)

Omdalen

som var plass under nedre Vesterdal, ligg heilt oppe på toppen av dei bratte bakkane i grendi. Derifrå er godt utsyn. Ein kan sjå utyver heile dalen og burtyver mot Brunkeberg. Omdalen var ein liten og skrøpeleg plass, men ein kan då sjå nokre jordstykke der dei sādde korn og jordeple. Elles er det bare utmark med stein og bergrabbar. Plassen ligg i ei svak helling og var ikkje særleg tungvind. Nedunder var det bratt og tungt og slitsamt å koma opp. Det var knapt høy til ei kyr om dei slo og skrapa rundt omkring. Det var visst geiter dei hadde, hev eg høyrte.

Omdalen er nok ein gamal plass, men det er fyrst i 1829 eg hev funne navna på dei som budde der. Det var Tarjei Auversson og Ingebjørg Torbjørnsdotter. Seinare hev det budt mange. Dei som kom til bu der lengst, var nok Olav Auversson Kleivmorki og Hege Eivindsdotter. Olav Auversson Omdalen var fyrst gift med Johanne Olavsdotter frå Lårdal. Dei budde i Kleivmorki, men flyt so til Bergan der Johanne dør i 1856. Olav gifter seg so med Hæge Eivindsdotter og flyt til Omdalen. Der dør Olav i 1889. Hæge flytte då til Kleivmorki og døydd der i 1896.

*) I gamle dagar, då det var omgangsskule, heldt dei helst til i dei største gardane. I Kleivmorkgrendi var det ingen stor gard. Der heldt dei til i Kleivmorkstoga. Det var vel største stoga i grendi, det. Knut Torjusson var omgangsskulelærer truleg frå 1838 til 1863, kanskje noko lenger. Han budde i mange år på plassen Kvåle og tok det som etternamn.

Folketeljinga i 1865 fortel at det året budde det 8 vaksne og ungar både i Kleivmorki og Omdalen. Var det slurv med teljinga eller stod dei andre plassane øyde?

Hæge og Olav hadde 5 born. Fire av desse døydde då dei var 20-30 år. Det blei mange tunge og vonde stunder for foreldri.

Olav var langbestefar min. I tillegg til anna arbeid, var han også snikkar og laga vanlege møblar. Det han tente med det, kom vel med for ein fatig plassmann. Den vesle stoga var snikkar-romet hans. Då dei bygde om Brunkeberg kyrkje, fekk Olav arbeidet med å laga dei nye, store vindaugo. Då bruka han kyrkja som snikkarrom. Bestefar min skal ha fortalt at han var med og hjelpte til med høvlinga. Far min fortalde at han som gutunge var bort til Omdalen og såg på når langbestefar høvla. Det blei so mange fine krullar av flisane. Det var mykje arbeid å snikere møblar på den tid då alt måtte gjerast med hand.

Nede i Dalaåi ved Piparfossen var det oppgangssag på den tid. Ein må tru at han der fekk saga det han trong av plank og bord. Men tenk for eit slit det måtte vera og bera materialen upp dei bratte bakkane til Omdalen.

Hæge som var både førlagd og sterk, tok seg av mannsarbeidet om sumaren. Ho var god til slå med stutturv og bar høybyrer som den likaste kar, er det fortalt. Det blei mange tunge arbeidsdagar for dei bae. Olav blei so krøkt at då han døydde, måtte dei rette han ut for å få lagt han i kista.

Etter den tid hev der visst ikkje budt folk i Omdalen, og no er plassen attvaksen. Enno kan ein sjå der stoga hev stade og den slitne dørhella av stein. No er ho mosegrodd.

Aasmund Bjørnflaten.

På ein nedlagd plass

*Her står eg på ein nedlagd plass
med gamle åkerreiner.
Langs jordet går ein gråsteinsmur
halvt dekt av bjørk og einer.*

*På vollen veks ei blomeseng
med ville prestekragar
og renningar av osp og hegg
som mjukt i vinden svagar.*

*På muren ligg i morkna lad
den brukte besjestauren.
- Alt vitnar om ei kvorven tid
i slit for brød or auren.*

*Her sprang det mang ein barnefot
og leika seg i enga.
Her enda mang ein sliten krok
sitt liv på sottesenga.*

*Eg tenkje må på liusens strid,
for mangt har til meg tala
om dei som her i forne tid
med staur og stein har bala.*

*Dei vann seg ikkje rikmannskår
som løn for armodsslitet,
men onna trottugt, år for år,
og nøgde seg med lite.*

*Stilt grip eg luva der eg står
og tar den av i age
for dei som her i ringe kår
har enda sine dage.*

*Eg knepper hendene i bøn
for kvar ein ærleg slitar
som kravlaus og med armods løn
sitt namn i saga ritar.*

Trygve Naper

Farans folk

Heime på Øyan i femtiåri, minnes eg me ofte hadde besøk av «fantefylje» som dei vart kalla. Eg minnes best Oluf-fylje. Oluf Sørensen hadde visstnok kome frå Møsstrand, men kome i lag med fantar i ung alder. Kona heitte Olava og var ekte fant. Dei hadde fem døtrer og ein son. Han heitte Johan, og eg såg han bare ein gong. Døtrene heitte Marie, Laura, Fredrikke, Mari og Ragna. Desse namni bruka dei til dagleg, men dei hadde fleire namn, slik som kongelege har. Marie var gift med ein som heitte Johan. Dei hadde ei dotter som til dagleg vart kalla Olufine. Ei anna heitte Johanne. Laura var gift med ein som heitte Halvor Hovin. Han hadde visst kome frå Hovin. Dei hadde fleire ungar som eg minnes lite etter. Fredrikke hadde ein unge som eg lika so godt. Han hadde ljost, krulla hår og heitte Ragnvald. Nokon mann hadde ho ikkje med seg. Mari var ei rektig fin jente. Gutane var veldig uppsette på å få tak i henne. Ho hadde tent på ein gard i Morgedal. Det hadde også Fredrikke gjort.

Karane dreiv med blekkenslagararbeid. Dei laga kaffikjellar og koksir eller oppvaskbalir, og so fortina dei koparkjellar. Det var moro å sjå med dei arbeide. Når karane arbeidde, drog kjerringane på handleturar.

Oluf kytte fælt av kjerringi si. Ho var god som ein gard, sa han. Men sume tider var han sinna på ho au. «Skal jei dra til dei med jernkjettingen,» hugsar eg han sa ein gong. Men Olava var ikkje redd han.

Olava var so glad i kreturi, ho. Ein gong dei var reiseferdige, fann ho ikkje att «lomma» (reisetaska) si. Den var stor og festa rundt livet og pynta med mange knappar i alle slags fargar og fasongar. Ei tid etter dei hadde reist, fann mor veska i ein ky-bås. Ho både takka og velsigna, Olava, då ho fekk att veska.

Dei hadde hest og kom dei um sumaren med me budde i eldhuset, låg dei på låven. Elles heldt dei til i eldhuset.

Dei fór alltid med småhandel og ville gjerne byte i flesk og anna mat. Far bytte burt ei børs i ei klokke, men klokka var so stor og tung å ha i lomma, at han handla ho bort ikkje lenge etter. Mor bytte til seg eit par spenne av ny-sylv. Eg har spenn i den dag i dag. Det er gravera mønster på dei, og dei ser veldig gamle ut. Det var fleire mindre fylje, men dei minnes eg lite etter.

Timmerfløtingi om våren ser eg enno for meg. Når dammen skulle sleppast, kom «dambode» i full fart. Han hadde talefeil og streva for å få til ordi. Då spurde mor so fort ho kunne om dammen skulle sleppast i dag. Då losna det for han, so han fekk ordi fram. Det var Oftedammen me fekk vita tidi han vart slept. Det tok 3 timar før vatnet kom til Øyan. Når me hørde

bulderet, tok me spranget ned til åi. Det var alltid so moro å sjå når dammen kom skuvande med mykje timmer. Det hende det la seg i vasar. Då kom åkarane fort. Dei var 3-4 i fylje og var ikkje vassredde. Timmeret måtte avstad med vatnet var stort. Men sume tider tok det fleire dagar å løysa ein vase.

Åkarane kom upp i eldhuset vårt og heldt mål. Det var so gildt syntes me, for dei var so gode til fortelje og var nokre store skøyarar og fann på mange spikk. Var ein av dei so heldige at dei fekk tak i ei livans mus, so lura dei musi ned i lomma eller nistesekken av ein annan. Då vart det leven, men dei var snart like gode vener.

Dei som åtte timmer langs åi, måtte få det uti når dammen gjekk. Det var ei travel tid både for dei som åtte timmeret og åkarane.

Sigrid Øyan Kosi

Tarjei Lunde fortalde

Far og mor til Tarjei byrja rydde plassen Lunde i 1835. Faren døydde i 1850 og kona sat att med 4 born. Den eldste var 16 år og den yngste 4-5 år. Det blei strevsamt, men dei greidde det. Tarjei, den yngste, overtok Lunde og plassleiga då han var 14 år. Då var det ikkje brote meir enn 4-5 mål. Tarjei og kona Anne kjøpte Lunde av Sveinung Haukom i 1908.

Tarjei farta mykje i skog og hei og opplevde litt av kvart. På den tid var det mykje fugl og dyr i skogen. Tarjei var ikkje traubeden til fortelje om det han hadde sett og opplevd. Grannen hans, Halvor K. Sandland, skreiv ned ein del av det Tarjei fortalde.

«Ein somar var eg på Auverstaul og slo for morbror. Ein dag var eg ein snartur heim eit ærend. Eg hadde børsa med meg for eg kunne råke på noko vilt. På oppvegen gjorde eg ein sving nedom tjonni for å sjå etter nokre snørur eg hadde der.

Då eg kom opp mot selet, hørde eg noko som tassa bak stogo. Då eg såg rundt novet, stod der ein bjønn. Det var knapt 2 meter millom kån. Eg tok børsa og ville skjote, men skotet gjekk ikkje av. Etterpå såg eg at det hadde kome vatn i låsen. Eg kasta meg bakover, men støvlehælen hekk fast i ei rot. Heldigvis losna hælen. Eg var livredd og sprang. Då eg kom litt opp i bakken, såg eg meg attende. Bjønen kom ikkje etter. Han hadde sett seg og bare glodde etter meg. Om ei stund rusla han avstad. Då kan du tru eg var glad.

Ein vårmorgon var eg på tereleik. Veret var fint og soli glytte fram. Eg sette meg på eit lite berg. Med eg sat der, høyrde eg noko som tasla og tusla nedom berget. Fyrst tenkte eg det var andre som også ville på leik og gjekk fram på berget for å sjå. Best det var trødde eg på ein kvist så det small. Då fekk eg sjå det var ein bjønn som åt på ein jase (hare). Jasen måtte han ha fonne i ei snøru for snørustaven hekk endå med. Bamsen hadde sett meg og sette avgarde med jase og snørustav.

Tredje gongen eg råka bjønn, var eg au mest innpå han. Me kvakk bae og blei bare ståande og glo på kvarandre. Etter ei liti stund, labba bamsen bort i skogen.

Det var mykje bjønn i 1860-åri, men endå meir skrubb, endå det byrja minke på denne tid.

Mor, som var frå Haukom, fortalde at ho som liti jente, såg ei drift med skrubb. Det måtte vera tjue stykke. Dei kom frå skogen, gjekk over tonet på Haukom, ned i jordet og so opp i skogen att. Dette måtte vera omkring 1850. Då var det så mykje skrubb, fortalde mor, at dei somme gonger måtte ha vaksne karar til passe på når dei sleppte ut kyrne fyrste dagane om våren.

Ein morgon, det var endå utpå vårparten, sat det to skrubbar utanfor fjosdøri. Dei rømde då me kom ut, men då me såg etter der dei ha sete, hadde det bråna i isen. Så lenge hadde dei sete å venta, fortalde ho. Det var sauene og geitene dei helst ville ha tak i.

Det minka med skrubb i 1860-åri. Dei hadde reist til Russland for der var det krig og mange fall, og skrubbane kjende lukten av blod og kjøt, sa folk. Eg trur det var børsene og jegerane som knekte skrubben, la Tarjei til.

Du talar om tussar, du, sa Tarjei. Eg såg aller slike, eg, sa han. Ikkje trur eg på dei heller, la han til. Men at det er noko rart i naturen, det trur eg, sa han.

Sonen min og Olav Tufte var på tereleik aust for Sollidstaulen for mange år sidan. Det var på vårkanten, men bra skiføre. På heimturen gjekk dei over myrane bortanfor staulen. Det renn ei liti å der, og innmed åi såg dei tre ungar som sprang og leika seg. Dei hadde endå raude luer. Me kunne ikkje skjønne kor desse ungane høyrde heime, for det er langt til fastbuande folk på Sollid. Etter dei hadde leika og hatt det moro ei stund, var dei borte - som sokkne i jordi.

Mor var på Skuggeberg med kyrne om somarane i mange år. Sauer hadde ho også med. Sauene ville liggje bortmed Skuggeberget, men fekk aldri liggja i fred. Det var som noko usynleg jaga dei vekk, sa mor.

Ein gong skulle far og Sveinung Haukom opp til Skuggeberg. Då dei kom opp den bratte bakken nedom staulen, såg dei ein gutonge med raud toppluve. Han sprang og leika seg att og fram. Til slutt sprang han over

vegen og opp på eit berg som ligg bort mot Skuggebergnuten, og vart borte. Dette syntes dei var rart og gjekk bort for å sjå. Då var det ingen gutonge og ingen annan heller.

Olav Lundeberg låg ei natt på Sollidstaulen. Straks han hadde sovna, blei han teken og kasta borti vedkroken, fortalde han. Ein haust hogg Jon Kleivstaul og Olav Kleiv timber for Aall omkring Sollidstaulen. Ein kveld hende det seg slik at Jon måtte heim eit ærend. Det var om hausten og mørkna tidleg, så Jon ville ikkje koma oppatt for neste dag. Han spurde Olav om han var redd for å liggje åleine om nåtti. «Nei, langt i frå,» svara Olav. Han la seg som vanleg til sova. Då det lei utpå nåtti, kom det eit slag i veggen. «Kven æ de?» spurde Olav. Ikkje svar, og Olav la seg til sova att. Best det var kom eit nytt slag i veggen. Då tok Olav øksi og slo i grua og ropa at no kunne dei koma, kven det så var, så skulle dei få det. Då kom det eit nytt slag. Det var så hardt at stogo riste. Då blei Olav redd og la seg ikkje til å sova meir den nåtti. Ikkje kom det fleire slag, heller.

Det var ein gong ein mann som skulle til Hovstaul og hente hestane sine ein somar. Eg hugsar ikkje navnet honoms no, sa Tarjei. For å sjå betre, gjekk mannen oppå eit lite berg innmed staulen. Derfrå såg han ein stor og gild gard på Hovstaulmyrane. Det kunne aller mannen gløyme, sa Tarjei.

Omlag slik fortalde Tarjei til Halvor K. Sandland sist på 1920 talet.

Jon Hauge

Den fyrste skiløyparen som fekk kongepokal

Jon Hauge var fødd i 1858 og var den yngste av borni til Åsmund Hauge og Sigrid Drotning (Vå). Dei gifte seg i 1840 og flytte frå Rauland til Morgedal i 1844.

Fyrste gongen Jon minnest han løypte, var då han løypte på tresko under Bratthaug på nordigard Brekke. Det var ein tørr somar og dei glatte furunålene gjorde godt føre. Då Jon var 7 år, var han med på premieskirenn i Raudkleivskotet saman med dei vaksne og fekk 7. premie. To år seinare løypte han saman med dei beste skiløyparane frå Morgedal og Seljord i Donstadbakken.

Som gutunge var han saman med mor si på staulen og gjætte ein somar. Ein gutunge frå Seljord var med han. Ein dag var dei med ei tjønn og fiska.



Jon Hauge i Amerika.

Då byrja buskapen å bure og belje so uhorveleg. Gutungane såg då at kyrne kringsette ein bjønn. Kyrne kom springande frå alle kantar. Då blei bjønne redd og rende avstad og smatt ut millom kyrne. Kyrne var so uppøste at det fræste frå dei. Dagen fyr hadde bjønne drepe ein sau, so det var nok meir enn grasbjønn kyrne fekk has på.

Det var Sveinung Heggveit, son til spelemannen Leif Sandsdalen, som var med Jon og gjætte, og som fortalde Oline Øverland om gjætinga.

I 1875 då Jon var 16 år, byrja han på Kviteseid seminar og gjekk der to vintrar. Etterpå heldt han skule i Utbygdi i halvtanna år. Men Jon ville lære meir og reiste til Hamar og gjekk på seminaret der i to vintrar. Det var lite skiløyping på Hamar og bygdene omkring. Jon fekk med seg bygutar og løypte med dei. Han gjorde ski for dei og heldt skiskule. Det var frå Hamar Jon i 1879 reiste til Oslo for å vera med i premieskirenn i Husebybakken.

Jon blei best i rennet og fekk fyrste kongepokalen som vart gjeven. Pokalen var den gongen verdsett til 120 kroner. Skii Jon bruka i det rennet, hadde han fenge oventil bygdene i Telemark. Dei var for stive, so Jon fekk Søndre Nordheim til høvle dei so dei blei mjuke og gode slik han ville.

Jon fortalde seinare at då han var i lufti, heldt luva på å fyke frå han. Heldigvis fekk han tak i luva fyr ho segla sin eigen kos, fortalde han. Dei som såg på, trudde Jon helsa på kongen, men det gjorde eg ikkje, sa Jon. Likevel blei det litt av ein vane seinare, men det var bare dei beste løyparane som greidde det utan å rulle.

Etter rennet var over, vart dei beste løyparane kalla fram til kongen. Jon hadde då ei litt lenger samtale med kongen som spurde både om eit og hitt. Jon fortalde at han var lærar, men at han ville reise til Amerika.

Her i landet heldt Jon skule i litt over to år. Siste staden var i Mo der han var vikar. Før han reiste, selde han skiene frå 1879 til engelskmannen Bennet, som samla på ski.

Jon reiste til Amerika i 1884. Dei fyrste fire åri heldt han norsk skule. Deretter byrja han som fotograf og heldt på med det i 25 år. Då byrja han som eigedomsmeklar. Han var den fyrste som hadde det yrket i Portland, Oregon.

I Amerika gifte han seg med Gudbjørg Drotning. Foreldri hennar var frå Rauland, men ho var fødd i Amerika. I Amerika var Jon med i mange skirenn og fekk mange premiar.

Tolv år etter han kom til Amerika, brann heimen han og Gudbjørg hadde fenge seg. Nokre dagar etter gjekk han i branntomti og leita etter kongepokalen. Pokalen var av sylv og gylt inni. Utanpå var ei ørnklo som heldt omkring eit stort blankt egg. Etter mykje leiting, fann han det som eingong hadde vore pokalen. No var det bare ein sylvklomp. Det einaste han kjende att, var litt av botnen og litt av sylvkloi.

Jon fortalde på sine gamle dagar, at han hadde lengta attende til Noreg i alle år. Tri gonger var han heimatt til Morgedal og Noreg. Det var i 1890, 1900 og i 1930. Siste gongen var han også til Trondheim til 900 års jubileet.

Både Jon og Gudbjørg døydde i 1943. Før Jon døydde, ba han sønene sine sende kvar av slektningane i Noreg 100 dollar når krigen var slutt.

Opplysningane om Jon er henta i Torjus Loupedalen si bok: Skisportens vogge, i bladstykke av Marie Bjørnsli og or intervju med Oline Øverland i ei avise.



Kyri av Kjersti i var ikkje god nok.

Kjersti Nyork på utvalsja i Brunkeberg

Nyork var plass under nordre Heggveit i Åsgrend i Brunkeberg. Plassen vart rudd av Svånaug og Kjetil Øverland frå Seljordsheii i 1870-åri. Kjetil ha tenkt seg til Amerika. Han stansa her ein gong han fór forbi og syntes det måtte bli ein fin plass om der vart rydda. Då hadde han sluppe å reise ut frå fedrejordi ogso. Som tenkt so gjort. Strauk han so bort til mannen på Heggveit og spurde om han kunne få leigt denne plassen og rudd seg ein heim der. Det fekk han, og so rudd han og Svånaug upp plassen. Dei kalla plassen Nyork for det var i New York i Amerika han ha tenkt å gjenge i land.

Etter Kjetil og Svånaug kom Anders Knutsson Kleivi og kona Kjersti til å bu der nokre år. Kjersti var dotter til Nils Gullbekk, soneson av Sterke-Nils. Etter Anders var død, livde Kjersti åleine på Nyork i fleire år. Ho hadde ei kyr på plassen og den skrytte ho av kor god ho var til mjølke. Det kunne ho nok vera, men særleg fint bygd var ho ikkje.

Driftearen Gunnar Lonnan frå Lunde drog med krøterdrift um somro oppyver til fjellbygdene. Til honom ville Kjersti gjerne setja bort kyri si. Ho skrytte svært, men Gunnar, som var full av skjemt, sa: «Jau, ho kan nok vera bra, men det beste er no at ho ikkje slær sund lorten sin.» På den måten fortalde han at kyri hennar var låg bak.

Ein vår bestemte Kjersti seg for at ho ville på utvalsja og få premie for kyri si. Dette var i 1880-åri og sjået skulle haldast på Hauglid i Brunkeberg.

Då dagen kom, traska ho i veg og kom inn i innhegningi der sjået vart halde. Det varde og rokk og ingen brydde seg om Kjersti og kyri hennar. Sjølv fekk ho seg ikkje til å gange fram med kyri. Endeleg fór domaren for i. Då treiv Kjersti tak i honom for å få kyri bedømd. Domaren snudde seg fort og såg på kyri og sa so heller skarpt: «Beste premien for deg er å gå ut gjennom grinden der.» Nedslegen og skamfull laut Kjersti draga på heimveg med kyri si. Folk syntes det var dårleg gjort av domaren. Det hadde ikkje saka han stort um han ha gjeve ho ein vernepremie, sa dei.

Kjersti ha fenge med seg ein bibel heimanfrå. I den var alle folki hennar skrivne inn. Bibelen er frå 1830-åri og seld dei av presten Landstad i Seljord. Han har skrive dette i bibelen:

«Denne bibel er solgt til Gårdmann Nils Olsen Gullbekk - i følge det Britiske bibelselskaps Bestemmelse for 1 Spesidaler, på det Vilkår at den ikke må blive Gjenstand for Handel, men benyttes i Familien.

Seljord 21 ste April 1841. M. B. Landstad.»

Kjersti forærte bibelen til Tor Sveinungsson Heggveit so han ikkje skulle koma bort. Tor var son til Sveinung Gunleiksson som åtte plassen der Kjersti budde. Bibelen er eit kjærte minne for familien.

Jørgen Heggveit



«Han ville upp i senji te meg!»

Ei samrøe på Kviteseid-dialekt

Anne og Hæge er gamle venninur. Anne bur i Morgedal, men Hæge bur i Ordal. Nå er Hæge på vitjing hjå Anne, og dei sit og rør saman - og då om ymse ting.

Anne: Ja, nå æ de jamen lenje sea du hev vore hitafe, Anne - eg trur kje eg he rødd mæ deg sea tileg i høst, eg.

Hæge: Nei, eg tiss ha de so travelt. Når ein hev både ungar å krætur å stelle, då æ ein kje akkurat arbeislaus, veit du. I høst tenkte eg meg so jilsleg te at eg skulle veva ein lang «valmålsvev» i vet. Å eg ville spinne både «varpe» og «veften» sjov - so de skulle bli «tægelege» sakir, sjønnar du. Men trur du eg gredde å få'n neatt te våronni då? Nei, so menn! Eg trur jammen de æ att åtte-ni alne på «bakrøven» endå, eg. Men nå i «hobbale» æ de nå litt stillare ette ein hev fenje ut kræturi - so nå skø'n nå te pers i alle fall.

Anne: Ja, travelt tiss de vera jamt. Me hev vore so uheldige mæ kræturi

i år, me att. Ei «kasta» å ei «sto att mæ greia» - å so fær me di kje «tidde». Di held på å «løyp upp att», so me hev mest kje anna hell «gjell naut» i år me.

Hæge: Me kaupte ei kyr upp i Kvålsgrenn fe eit par år sea, som du vel kjæm i hug? Men *de* bli kje noko te «mjåkkyr» ser de ut te. Nå æ de kje att mei hell ein mæ te ho sko «bera», å ho he kje *bjønda* te «hente onde seg» endå. So *den* ser ut te å bli «langstoig» i alle fall!

Anne: Ja, når ein driv mæ krætur, so tiss de vera noko mæ di stadig. Me kaupte kánn to grisongar i vår me, å eg toss vera so «øktig» te stelle di au. Men trur du kje di fekk «dritu» då! So ille au at! Å di kom so «i nukken» at de va fælt. D'æ *fysst* nå di fer te «koma seg» att. Men høss æ de bort i Ordal då?

Hæge: Jau, det sleng i veg, der som her. Eg va forresten ein tur bort te Birgit Suistogu i jår - å ho som ha'kje sått hajen sin endå! Ho tiss «fugge» seg bort mæ so mykje småtteri Hæge, jamt, so ho tiss lissom vera «i bakleksa» mæ all ting.

Anne: Ja, ho æ ei «fatakolle», de æ både sant å visst, å de hev ho vore jamt.

Hæge: Å nå ha ho fenje ein amerikaner i husi au, so de bli kje noko «mætar» nå framivi, tenkjer eg.

Anne: He ho fenje amerikaner?

Hæge: Ja, de va ein «halvgutonje», ein 4 H, ein slik som di vekslar mæ, veit du. Han va visst ifrå sama staen i Amerika som dotter hennars va i fjor, då ho va der borte. Men han va ho ikkje fornøgd mæ, ette som eg sjønna.

Anne: Nei, nei, sei du det. Hott va de som va i vejen mæ'n då?

Hæge: Ja, fe de fyste so ha'n nå so mykje «pargas» mæ seg, at ho visste mest ikkje hørre ho skulle jera av alt, endå han bare skulle vera der ein måne.

Anne: Ha'n so mykje «pargas»?

Hæge: Ja, eg såg au litt av de. De hekk so «grusommeleg» mykje sokkar på «råta» hennars, å di va «uttalanske» såg eg. Å so va de dette mæ maten då. Han vi nesten *ikkje* eta «gron», bare sit å «stuvmaular» «suvl». Å viss ho prøvar å snakk'n te rettes, so sjønna'n lissom ikkje. So ho va av seg komen, mæ'n ho!

Hæge: Ja, ho va visst «te friss» mæ heile amerikaner'n, toss eg forstande.

Anne: Når du snakkar om mat, so må eg nå testande at Halvor, mannen min, he blive noko matvand i de senste, han au. Eg tosse de ha vore so «sjesse» mæ «kjøt å spa» eg, fe de æ so lenje sea me hev hatt de. So spurde eg'n ein dag om eg stille seta i gang mæ ei «spagryte», men nei takk! Han blei «urjen fe bringa» av «spa» påsto'n - å då mått eg bare halle upp mæ de, veit du.

Hæge: Nei, he'n blive slik du? Men noko må'n vel tola?

Anne: Ja, «jørfe» - «kurv» å «liverpylse» å so «suss» tiss'n æ bra. Men «suss» æ umaugelæg å skaffe nå, veit du, når ein ikkje slaktar kalvar heime, leng.

Hæge: I Ordal he de blive so på moten å koke «saup-prim» att, der nå. Ja, «kabrette» au, forresten. So nå he dei gamle «buhagskjelane» kome te hæder og verdighet att der borte.

Anne: So snålt då! Eg ha tenkt meg te å yste «søtøst» eg i vet. Men so æ her kje «kjæse» å få tak i, veit du - so de stoppe seg sjåvt.

Hæge: «Haglette» au æ «volsomt godt», de tiss nå eg i alle fall.

Anne: Jau, so æ de ein ting eg må fortelje, noko som hende meg i forige viku. Du sjønnar, Halvor va upp te Rauland ein dag å såg på ein hest. Å so blei de so seint at'n låg «åmafe», so eg va «eismal» den nåtti, å eg la meg som vanleg om kvelden fe utta å læse «dynnan». Om ei beite gådde eg jelp meg at Knut, denna halvgamle «hogstallen» bort i Norbygdi kom inn å fann seg ein skammel å sette seg te røa. Litt på «hiven» va'n au sjønna eg snart. So «uviskeleg» som mange av karan bli når di fær litt i skallen, du. Han ville «ne for tvert» uppi senji te meg! Ein konnkje tru'n va *rektig*, veit du!

Hæge: Nei so «stutleg»!

Anne: Men heldigvis fekk eg nå «stylp'n» ifrå de, so om ei beite «faura'n» avgarde.

Hæge: Ja, detta va stegjeleg. Men de æ somenn kje lett å få «avstyvle» di mange vendur. Men nå trur eg at eg må ut. Eg skø kjøyre mæ mjåkkbilen bortatt. - Nå må du kåma te Ordal ein tur snart, so fær me rø mei.


Torleiv Lid

Brunkeberg Fealslag

Ein veit ikkje sikkert når Brunkeberg Fealslag vart skipa, men registeret over Telemark-fe bind I skrive i 1925 av fylkesagronom Karsten Bårdseth, visar at det var fealslag her i 1900. Oksen Magnus, reg. nr. 432 f. i 1898 hjå Halvor Nordskog, Morgedal, vart i 1900 seld til Brunkeberg Fealslag for 400 kroner. Oksen fekk 2. og 3. pr. fleire gonger, og fyrste premie for avkom i Seljord i 1906. Han var slakta 1. oktober 1907.

I dagboki for Brunkeberg Handelslag i 1901, den 9. september, står at det er selt «Tømmer» (taumar) til Ytre Brunkeberg kvægavlsforening for 0,70 kroner. Dette måtte vera til Magnus, som skulle «køyrast» til Dyrsken i Seljord, må ein tru. Dette var dagen føre dyrsken.

Oksen Gubben, stambok nr. 847 f. 1907 hjå Halvor T. Eika i Bø vart kjøpt




Oksen «Magnus»

i 1908. Dette er nok den gildaste og mest omtala oksen laget har hatt. Han fekk fleire 2. premiar og 1. pr. i Seljord i 1912. I 1913 fekk han fyrste avkomstpremie og ærespemie for «fremragende avkom». Seinare fekk han 1. pr. i Seljord kvart år frå og med 1914 til og med 1920. I 1915 fekk Gubben i totalinntrykk slik uttale: «En sjelden typisk og velpreget okse, med meget gode merker.» Gubben var svært snill og «medgjørilig», vart det sagt.

I 1914 var Gubben på jubileumsutstilling i Oslo saman med ei gruppe kyr, etterkomarar av Gubben. Med på turen var: Kjetil Skogsmark, Eivind O. Groven, Per Kjos og Kristian Nordbøen. Margit Haugsrud var visst óg med, har eg høyrte. Dei overnatta i telt. Brisselkake var noko av maten dei hadde med seg. Då brisselkakene traut, skulle Per inn i nokre buir og kjøpe meir, men ingen kjende til slik mat.

Då Gubben skulle inn i ringen, vart han så uroleg at dei måtte til med fleire tauger. Eg veit ikkje kva måte dei kom fram på, men ein må vel tru at dei tok båten frå Kviteseid til Skien og tog derfrå til Oslo.

Då Gubben skulle på beite i Nautebergdalen ein sumar, fekk Kristian Nordbøen og far fælt strev. Eg veit ikkje årstale. Dei gjekk til Kviteseid brygge og med båten derfrå til Dalen. Då dei hadde gjenge eit stykke, skogvegars, flagna ei klauv av eine foten. Dette var fælt vondt for oksen. Då måtte far gange attende til Dalen og ringje til formannen i Fealslaget som var lærar og klokkar Kjetil Sakkrissen. Han gav den rådi at far skulle tala



Oksen «Gubben».

med dyrlegen på Dalen. Far fekk med bandasje og dei surra foten med det og såleis ordna det seg, men det vart ein strevsam tur både for Gubben og dei som dreiv.

Gubben fekk mange etterkomarar, ikkje bare her i Telemark, men òg i grannefylki i aust. Oksen var slakta hausten 1920. Han hadde vore stasjonera på Nordbøen hjå Mens og sonen Kristian.

Frå slutten av 1930-åri og framover hadde laget desse oksane, i nokonlunde denne rekkefylgja: Gullmann-Gjevestad, Kvikk-Klomset, Birger, Herbjørn - slakta 1943, Vidar - slakta 1948, Odin, Gullmann-Tveiten - seld 1950, Peik - Kråkenes - slakta 1952. Siste oxen var Gjevar. Han vart slakta våren 1955. For han fekk dei 1.716 kroner.

I dei fleste åri har oksane vore stasjonera på Gjervold hjå familien Omlid frå føre 1940 til 1955. Elles var oksane stasjonera på Tytegrav hjå forpaktar Olav Lundeberg i 1950-51 og på Skogsmark. I dei seinare åri var oksane på beite i Tinn, og sumaren 1954 var dei i Kasnes i Kviteseid.

Det var utvalsjå i Brunkeberg i mange år. Sjåi hev vore på desse plassane: Høydalsmoen (Gjervoll), Hauglid, Slåtta og Loupedalen. Oksane blei då som oftast visa fram. På eit utvalsjå på Nordbøen møtte Halvor Midtbøen (Brekke) i tykk, si' vinterfrakk, for å halda vermden ute, som han sa. Knut Loupedalen gjekk i kvit skjorte, har Hæge Loupedalen fortalt.

Sume år var det underskot i kassa. Då fekk dei inn pengar på andre måtar.

26. april 1943 hadde soleis Fealslaget basar og fest. Fylkesagronom Roaldkvam fortalde om «Husdyrforeninga komande vinter» og det blei synt fram film frå fesjået i 1941. Eivind Mo spela og tablået «Mirakeldokteren» synt fram. Til slutt var det dans. I april 1944 hadde dei òg basar og fest. Då synte dei fram spelstykket «Den glade enkemann». Det året fekk dei inn 1.125 kroner. I 1943 fekk dei inn 1.010. I 1945 hadde dei også fest, men fekk då bare inn 44 kroner. Året etter kjøpte laget inn klauvbås.

Etter den siste oxen vart slakta i 1955, livde laget likevel fram til 1960, i alle fall i kassaboki. Formannen dei siste åri var Halvor V. Sellstad og Endre E. Sandland var kasserar frå og med 1947. Med i styret var Aslak G. Kvålseth.

15. mars 1958 vart det skrive kontrakt millom Brunkeberg Bondelag ved formannen Petter Kjos og Brunkeberg Fealslag ved formannen H. V. Sellstad om at pengane som var att i kassa skulle gå til Bondelaget. Pengane skulle brukast til utlån dersom nokon ville kjøpe grendeokse. Ingen nytta seg av det og 21. januar 1960 vart kassa levera til Bondelaget.

Eg har det inntrykket at Fealslaget har arbeid godt og hatt mange interessera medlemer. Eg har ei liste med 41 namn på medlemer. Brunkeberg Fealslag hev no gjenge inn i historien.

Tallev Moen

Fjågesund Elektrisitetsverk

Ein liten historie om eit lite kraftverk

Det hadde lenge vore snakk om å bygge eit lite kraftverk for å få elektrisk ljøs i bygda. I fyrstninga av 1920-åra vart det skipa eit interessentskap som gjekk inn for å starte opp med eit slikt prosjekt, og dei sette straks i gang med å kaupe inn noko materiell, millom anna to dynamoar på 15 Hk kvar. Dertil kaupte dei inn temmeleg store mengder grov koppartråd som måtte til fordi det var likestraumanlegg som skulle byggast, og denne type straum let seg ikkje so lett overføre på lengre avstandar. Det var visst ògso ein del uenighet om kor verket skulle ligge, anten i Sagaåi eller i Kvønnåi. All den tid straumen skulle førast til både Bergstod og Fjågesund var det viktig at verket låg so nokolunde midt i millom. Strekninga på linjenettet ville bli



Fjågesund Elektrisitetsverk i dag.

minst 3-4 km til kvar kant, og baa elvane hadde sine fortrinn og sine ulemper som nok vart drøfta i det vide og det breide.

Det var nok fleire grunnar til at heile planen vart oppgjeven. For det fyrste var det sikkert ikkje godt nok gjennomtenkt og planlagt. Dei hadde vel ikkje nok teknisk innsikt i slike saker, og av den grunn vart det nok valt likestraumanlegg, men ogso fordi dette var billegare å bygge. Dertil gjekk høgkonjunkturen og dermed optimismen etter fyrste verdskrigen raskt nedover og sette ein avgjort sluttstrek for vidare tankar om ei ljosare framtid.

På bygdene var elektrisiteten på denne tid framleis i sin barndom. Overgangen frå talgljos og tyriskonder gjekk føre seg i 1870-åra då Siemens laga den fyrste generator for produksjon av elektrisk straum i store mengder. Alle byar med eit lagleg fossefall i nærleiken var fort ute med å skaffe seg eit kraftverk eller ljosverk som det gjerne vart kalla i fyrstninga, og etter kvart kom det ei mengd med mindre verk i dei litt større sentra.

Her i bygda fall det seg slik at min far, Torjus Fjågesund, som ogso hadde vore med i det fyrste interessentskapet, ikkje hadde gjeve opp tanken om kraftverk etter at nemnde selskap gjekk i oppløysing.

Oppe i lia millom Dalen og Eidsborg stod det på den tid eit nedlagd kraftverk av passande storleik. Dette var bygd i 1918 for å skaffe kraft til utvin-

ning av molybdenmalm frå nyoppretta gruver i Eidsborg. Malmen skulle visstnok brukast til legering i stålet til Kruppkanonar i Tyskland. Men produksjonen kom vel bare so vidt i gang før Der grosse Kaiser måtte bite i graset og avslutte det som han til å byrje med hadde kalla ein rask og lystig krig. Og dermed vart det ikkje behov for dette rare metallet før galningen Hitler tok til å rasle med både sablar og krematorieovnar.

Verket hadde altso vore i drift i vel eit år og vart so ståande stille heilt fram til 1935, og kom heller ikkje då til å bli innblanda i ovannemnde galnings kamp for Lebensraum.

Den fausten hugsar eg me var på ein heller mislykka moltetur til Rauland, og på heimturen måtte me overnatte på Dalen. Far visste godt om dette kraftverket oppe i lia, og han fekk ogso greie på kven som eigde det. Det viste seg å vera ei dame som var ein nær etterkomar av den velkjende Aasmund Norgaard. Eg hugsar bare at ho vart titulert som frøken Moe, at ho visstnok var statsautorisert revisor i Oslo, og at ho for tida var på ferie på Dalen. Dermed søkte far om audiens hos henne den same kveld, og dette endte med at han fekk verket «på hånd» for 10.000 kroner. Og noko seinare vart handelen gjort.

Ved hjelp av ei bok som hadde kome ut i denne tida og som heitte «Veiledning i utnyttelse av mindre vannfall» hadde han ogso sett i gang med å bygge inntaksdam til det påtenkte verket. Dertil måtte det gravast ut ei djup grøft frå dammen og ca. 100 m framover for å få litt fall på rørledningen. Grøfta var kanskje 4 m djup på det høgaste og førte gjennom ein sandrygg der det ogso vart tekje ut støypesand til dammen. Og alt arbeid vart gjort med muskelkraft.

Tri mann arbeidde i denne grøfta mest heile sommaren med spade og geit. Geita var eit anleggstrillebor som var utstyrt med eit smalt jarnhjul med ein diameter på ca. 35 cm og som måtte trillast på ein plankegang. Og det galdt å halde tunga rett i munnen når ein skulle trille og tippe ei fullasta geit. Det var reine manndomsprøva for ein nykomling å balansere doningen på planken over ei strekkje på mangfoldige meter, for dersom ein kom skeivt ut og anten spora av eller velta, vart det ei masse ekstra slit å rette opp att uhellet. Dette førte som regel med seg djupfølte verbale utskielisar i bruken av velvalde mindre fine ord, noko som so opplagt høyrde heime i anleggsbransjen i den tida.

Om i enden av grøfta var 3-4 mann opptekne med å støype damm, samstundes som ein mann og hest hadde full jobb med å frakte sement. Denne kom på lastebåten og måtte fyrst køyrast i kjerre frå bryggja til vegskillet ved Rullbakk. Deretter måtte den over på ein tremeisleda der ein bare kunne ha to sekkar à ca. 56 kg i lasset. Meir greidde ikkje hesten å draga opp dei 1200 m bratte bakkane til dammen. Sovidt eg hugsar, gjekk

det med over 400 sekkar sement, som i den tid kosta ca. 4 kr. for sekken. Men dammen var både stor og massiv, og det var ikkje før langt på hausten at forskalingssnikkaren og byggeleiaren kunne seie det som seinare har blitt ei herme: «Der gikk siste spikeren.»

Det måtte vera i 1936 at flyttinga av verket tok til. Ein mann på Dalen tok på seg demonteringa av både huset og alt utstyret og frakta det til brygga, og so gjekk det med lastebåten hit. Mesteparten av røyra var av dårleg kvalitet og kunne ikkje brukast om att. Dertil var det altfor lita lengde.

Det nye kraftverket fekk ei fallhøgde på 150 m, og terrenget var slik at det ville gå med 800 m røyr, derav 600 m nye. Etter undersøking av pristilbod frå ymse firma, vart det bestemt å kaupe trerøyr frå ein fabrikk som heitte Tubus i nærleiken av Sarpsborg. Røyra, som var laga av halvrund plank ca. 3 cm tykk, hadde ein innvendig diameter på 25 cm og var surra med ein grov spesialtråd, og med tettare surring di større trykk dei skulle halde. Desse røyra kosta ca. 10,- kr./m. Heile lengda med trerøyr måtte gravast ned, so dei vart godt beskytta med jord. Ogso denne gravinga vart gjort med spade og hakke i mykje steinfull grunn, og ein mann frå Tubus stod for den fagmessige nedlegginga av røyra.

Av ymse årsaker hadde far nå overlatt byggeleiinga til ing. Kjellemo i Lunde, og han organisera og stod for monteringa av maskinene og bygginga av linjenettet. Det vart kjøpt ny generator, og denne gongen vart det vekselsstraum, for ein var blitt klar over fordelane med å overføre straumen på høgspenningsnett. Spenninga var rektig nok bare 5.000 volt, men det var meir enn nok til so lita kraftmengde og sopass små avstandar. Maskinen skulle yte 100 kW.

Her var ikkje bygdefolk som var kunnige i bygging av kraftliner, men på Gvarv fann ein nokre karar som var drivne i det faget og som utførte eit godt arbeid. Likedan var det med installatørar. Desse måtte ein få ifrå Lunde, og dei heldt på eit halvt års tid til verket stod ferdig på vårparten i 1938. Gunvald Østenå, som hadde vore mykje med på montering og linjebygging under anleggstida, var utsett til å stå for den daglege drift og det ettersyn som trongst.

Den 4. mars vart verket starta opp, og det var naturleg nok stor stas og glede hjå alle dei som kunne byte ut parafinlampa med glødelampa. For i fyrstinga var det mest bare snakk om ljøs. Men etter kvart kom det til komfyrar og varmeovnar og ein del motorar, slik at belastningen på verket auka litt etter kvart. Fyrst i 1952 vart linjenettet utbygd til Bergstod. Dei hadde då venta lenge på elektrisk straum, og på den tid budde der ca. 100 menneskje. Denne utvidinga førte naturlegvis med seg eit munaleg større forbruk av straum, og dermed trongst det meire vatn til å drive maskineriet.

Vasstilgangen som til sine tider var i minste laget frå før, vart nå eit stort problem. Det var særleg mot vårparten og i turre sommarar at situasjonen var vanskeleg. I tillegg var det dårlege mogelegheitar for oppdemming i nedslagsfeltet, og sjølg om ein bygde nye dammar og forhøgda andre, so var det likkevel ikkje nok vatn. Heile 5 tjønningar vart oppdemde, men det var framleis for lite.

I slike kritiske tider med lite vatn var det ikkje mogeleg å køyre med full spenning. Det heile likna umiskjennelig på den mykje omtala situasjon å seta tæring etter næring. Ingen var motivert for å redusere sitt eige forbruk av straum. Dermed gjekk turtalet ned på maskinene, og med dette vart det redusert effekt hjå samtlege abonnentar og til felles ergrelse.

Men når det var gode år med vatn, sveiv verket jamt og trutt. Det måtte ha ettersyn kvar dag, og det var fast rutine å «på verket» kvar morgon for å sjå etter at alt var i orden. Eg hadde sjølg overtekje den faste bestyrelsen med alt som det innebar. Og det var so mange praktiske ting, frå dammslepp til skrivning av rekningar, og alle slag små og store reparasjonar.

Noko av det verste ein kunne oppleve i denne jobben var til dømes når ein kanskje vakna midt på natta og skruva på ljøsbrytaren, og so var der ikkje noko ljøs, eller kanskje ei svak kising i pæra, omtrent som ei utbrent lommelykt. Då før alskens tankar gjenom hjernen om kva feilen kunne vera. Som oftast var det nok mangel på vatn som var årsaka, og då var det bare å vente på morgonen for å taka turen til ei av tjønnene og opne meir på dammluka. Det vart utallige slike turar i åras løp, både på barmark i turketider og på ski om vinteren, ofte med bare få dagars millomrom for å spinke og spare og tøyge ut vassmengda so lenge som råd. Seinhøstes med barfrost kunne det ogso vera ising i vassinntaket som var årsak til at ljøset var vekk, og dette skjedde naturleg nok då det var på det kaldaste på døgeret, i dei tidlege morgontimane. Då òg var det for eimannsbeteningen å fara opp den kilometerlange bratte skogstigen til dammen for å skrape vekk isen, medan ein på ein lite behageleg måte følte abonnentane sine kommentarar om verket og heile dets vesen.

Ein hugsar helst dei brokute sidene ved drifta som til dømes ein gong straumen var heilt vekk. Då eg kom på verket for å sjå etter, stod maskinene heilt stille, for der fanns ikkje ein vassdrope til å drive dei. So var det å taka den vanlege vegen langs røyrkata, og halvveges oppe syntet seg kva som hadde skjedd. Der er ein stad som trerøyra låg i friluft over eit søkk som heiter Skreia, eit stort ras som ein gong hadde gått der. Her hadde eit underlag svikta, og nokre røyr hadde glidd frå kvarandre og låg hulter til bulter nedover i lia saman med ein stor bekk som kom ut av røyrbrøtet. Det er i slike tilfelle at tanke- og idévirksomheten blir sett i sving for fullt. I fyrste omgang galdt det å få tak i eit par hjelparar og noko lageleg, enkelt

utstyr som kunne berast på plass. Alt saman såg fortvila vanskeleg ut, men med felles innsats og flittig bruk av ovannemnde virksomhetar, var røyra sett saman innan kvelden, og verket kunne setast i gang att.

Ein annan gong, i ein av dei eitrane kalde vintrane under krigen, skjedde det utrulege at mest heile røygata fraus til, og jærnrøyra nede mot verket bula seg ut og sprakk på fleirfoldige stader. Den gongen måtte me få ein røyrleggar frå Skien til å reparare skaden, og dette tok 2-3 dagar.

Sjøl på ein 17. mai måtte det skje eit noko stort uhell. Me hadde akkurat songe «og ljøs over landet strøymde» då nettopp det motsette hendte, for i neste augneblink strøymde ein kraftig vind over landet, og denne blåste over ende 8-9 høgspenstolpar og tok med seg ljøset. Då òg var det bare å seta i gang med ein gong å organisere ein skokk mannskap til å rette opp att skaden. Alt om kvelden på fridomsdagen var fleire stolpehol reinska opp, og etter eit par dagar, var linja i drift att. Desse stolpane hadde då stått i 24 år og hadde tydeleg nok overskridt maksimum levealder for heimeimpregnera trevirke. Dette til tross for at produsenten av den beisen som vart bruka, reklamera med at slikt virke ville stå til Dovre fell.

Etter kvart vart det meir og meir klart at det var uråd å drive dette vesle verket utan mogelegheit for samkøyring eller noka form for tillegskraft. Det hadde kome fleire slag elektriske innretningar som ikkje tolde å gå med for låg spenning, og tida var i det heile blitt so teknisk fullkommen at eit lite kraftverk aleine ikkje kunne yte den teneste som denne tida krev. Difor vart det beslutta å søkje om tilføring av straum frå eit anna elektrisitetsverk som i dette tilfellet var Drangedal, då deira linjenett låg nærast til bygda her, bare 3-4 km unda.

I 29 år sveiv dette verket og gav den straumen det makta til folket her mot ei rimeleg betaling. Det var so visst ikkje nokon økonomisk suksess, og det var vel heller ikkje det som var viktigaste hensikten med det, men heller å hjelpe seg sjøl og bygda til å smake på nokon av dei godene og føremonene om den gryande moderne tid førte med seg. Det kann nemnast at anlegget i 1938 kosta ca. 60.000 kroner. På haustkanten i 1967 vart verket stoppa for godt, men det står der framleis omtrent i same stand. Men trerøyra rotna vekk nokso fort då dei vart ståande tome. Derimot står surringa enno som ei grov spiralfjær i heile si lengde. Og den uopphørlege ylinga frå turbinen som høyrdest i det meste av bygda er for alltid borte. Ei epoke er gått over i historien.

Torjus Fjågesund.

Han kunne få sagt det . . .

Han va nok litt imiss te drikke i seinare år, Eilef, å det hende at han var litt på hiven om han va på arbeid, au.

Då renseriet i Morgedal blei bygd, fekk Eilef seg noko arbei der.

Det va mykje grøftegraving, å det blei jupe grøftir og mykje vatn å søyle å grava i.

Ein dag Eilef stod og grov i ei jup søylegrøft, kom Asbjørn, som va arbeidsleiar, å såg te han. «Eg tisse du æ full, eg, Eilef!» sa Asbjørn. Eilef glodde lissom litt forondra på han, å svara: «Ja, trur du at du fær fastans folk te stande hera ne'i å grava, då?»

Eit år like onde jol, kom han vavrans oto stogo si å fortålde: «Nå he eg drukkje øl i fire dagar, eg.» Eg svara: «Men de kan du vel ikkje gjera, Eilef, – du kjem kje te hava att øl i joli, du då!»

«Eg skø ha fri i joli, eg,» svara Eilef.

Gunnør Møndt Øvstøge

3853 Vrådal

PLEDD - SJAL - SJERF - LINLØPARAR



Vi produserer
VINDUER og DØRER
etter DITT ønske

- | | |
|-------------------------------------|-----------------------------------|
| ■ Det originale KOPLEDE vindu | ■ Salufa aluminium + P.v.c. |
| ■ Vinduer m/isoleringsglass (termo) | ■ Ytterdører i heltre FURU |
| ■ Faste karmar | ■ Ytterdører m/aluminium i kjerne |
| ■ H-vinduet | ■ Trefyllingsdører |
| ■ VELUX overlysvindu | ■ Scadania dører (ytter/innerdør) |

Alle disse produktene
kan du kjøpe hos:

NYLAND TREVAREFABRIKK A/S
3850 Kviteseid - Tlf. 036-53 119



*Etter å ha tent bygda i 140 år, skulle
ein kanskje tru at ein vart mosegrodd?*

VI TRUR IKKJE DET . . .

Før som nå - ein moderne bank

SPAREBANKEN SØR
KVITSEID

Filialar: Brunkeberg - Vrådal -
Morgedal - Vrålosen



*Er det snakk om bøker, enten til skulebruk
eller rett og slett kos i godstolen,
så tak kontakt med den lokale bokhandel.*

*Vi har eit godt utval i leiker
til både små og store.*

Du finn oss på Mylletorget!




**Kviteseid
Bok og Papir**

LEIKER TELEFON (036) 53 515



3850 Kviteseid

Telefon (036) 53 431



HANDARBEID
BUNADSYLV

Kviteseid Handelslag

Telefon (036) 53 138

Me fører alt i daglegvare

og finare kolonial

Mange gode tilbod

Kjøttvarer frå eiga slakteavdeling

Aage Haatveit

Tlf (036) 53 278

3850 Kviteseid

*Alltid godt utval
i daglegvarer!*



**MORGEDAL
TURISTHOTELL**

TELEMARK - NORWAY.

3848 Morgedal

Tlf. (036) 54 144

